



Forvaltningsrevisjon | Kvam herad

Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø
og bruk av IKT i grunnskulane

November 2019

«Arbeidet med å sikre eit trygt og
godt skulemiljø og bruk av IKT i
skulane»

November 2019

Rapporten er utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 04/19, 20.02.2019. Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Kvam herad, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova. Vidare har det vore eit føremål å undersøke bruken av IKT i skulane i Kvam herad.

I samband med forvaltningsrevisjonen har revisjonen gjennomgått aktuell dokumentasjon frå Kvam herad. Revisjonen har i tillegg gjennomført til saman 10 intervju, og det gjennomført ei spørjeundersøking til alle rektorane, lærarane og andre tilsette ved grunnskulane i kommunen. Det er også gjort ein stikkprøvekontroll av seks enkeltsaker der det skuleåret 2018/2019 blei konstatert at ein elev ikkje hadde det trygt og godt på skulen.

Undersøkinga viser at Kvam herad har ein *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*, som blei oppdatert i 2017 for å tilpasse den til nytt kapittel 9 A i opplæringslova. Det er positivt at den overordna planen både skildrar krav i regelverket og stiller krav til arbeidet som skal gjerast på skulane. Det er også utarbeidd felles mål for aktivitetsplan som skulane nyttar, og revisjonen merkar seg at denne har blitt justert og vidareutvikla basert på erfaringar ein har gjort seg. Skuleeigar har også følgd opp at skulane har ulik terskel for utarbeiding av aktivitetsplanar, og har tatt opp med skulane viktigeita av at det blir utarbeidd aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det. Revisjonen meiner det er positivt at heradet nyttar eit kvalitetssystem for skulesektoren der ein del sentrale oppgåver er lagt inn i eit årshjul slik at rektorane får ei påminning og må kvittere ut at oppgåva er utført. Systemet omfattar fleire aktivitetar knytt til arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at det er ein del svakheiter i heradet sitt forsvarlege system, ved at skuleeigar si innhenting av informasjon om praksisen på skulane ikkje er tilstrekkeleg systematisk. Dette medfører risiko for at skuleeigar ikkje fangar opp mangelfull etterleving av regelverket på skulane, og dermed heller ikkje set inn tiltak for å sikre at skulane endrar praksisen sin. Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering fleire svakheiter ved praksisen på skulane. Mellom anna har ikkje alle skulane oppdaterte planar for det førebyggjande skulemiljøarbeidet. Sjølv om det er sett i verk ein god del førebyggjande tiltak for å skape eit trygt og godt skulemiljø, viser undersøkinga at det er behov for å ha ytterlegare fokus på å evaluere tiltaka som blir sett i verk, og vurdere behov for andre eller justerte tiltak. Dette gjeld særleg tiltak knytt til digitale krenkingar. Vidare viser undersøkinga at ikkje alle skulane hadde etablert skulemiljøutval skuleåret 2018/19, trass i at dette er eit lovpålagt organ.

Det er etter revisjonen si vurdering heller ikkje gitt tilstrekkeleg tydelege føringar for kva som ligg i dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, og skulane og skuleeigar sikrar dermed ikkje at aktivitetsplikta blir oppfylt. Revisjonen vil mellom anna framheve at det per i dag ikkje føreligg tilstrekkeleg tydelege føringar for korleis dei som arbeider på skulane skal følgje med, korleis skulen sikrar at dei tilsette følgjer ekstra godt med på særleg sårbare elevar, kva elevar dette gjeld, kva som ligg i omgrepet «krenking» eller korleis tilsette skal gripe inn i samband med krenkingar. Etter revisjonen si vurdering er det også ein vesentleg svakheit at den skjerpa aktivitetsplikta i liten grad har blitt drøfta på skulane, og at det blant dei tilsette er mange som ikkje er trygge på korleis dei skal handtere tilfelle der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Dette medfører ein risiko for manglande etterleving av krav i regelverket. Undersøkinga viser også at det ikkje alltid har blitt utarbeidd aktivitetsplanar i samsvar med opplæringslova § 9 A-4, og at sjølv om mange aktivitetsplanar er gode og i samsvar med krav i regelverket, så er det ikkje alle aktivitetsplanar som inneheld informasjon i samsvar med dei lovpålagte minstekrava. Samtidig går det også fram at terskelen for utarbeiding av aktivitetsplan i nokre tilfelle er for høg og i andre tilfelle for låg, og at det difor er behov for å arbeide vidare med å få ein mest mogleg lik praksis på tvers av skulane i heradet.

Når det gjeld IKT i skulane, viser undersøkinga at dette er eit tema det blir arbeidd systematisk med i Kvam herad, mellom anna gjennom ei relativt ny prosjektgruppe som arbeider med digitalisering i skulen.

Investeringar som er gjort dei siste åra har medført betydeleg betring både når det gjeld tilgangen på digitale verktøy og internettsambandet til skulane. Likevel gjenstår eit stykke arbeid før alle elevar har tilstrekkeleg tilgang på digitalt verktøy som mogleggjer ein meir aktiv bruk av desse i undervisninga. Undersøkinga viser at det til ein viss grad er personavhengig kva digitale læremiddel som blir tatt i bruk i undervisninga, og at det er relativt mange av dei tilsette som ikkje har tilstrekkeleg kompetanse knytt til IKT. Det er viktig at heradet legg til rette for at lærarane får tilstrekkeleg IKT-kompetanse til å ta i bruk digitale verktøy, samt kunnskap om korleis digitale læremiddel kan styrke undervisninga. Lærarane sine grunnleggjande ferdigheiter innan IKT, er ein føresetnad for at elevane skal kunne utvikle eigne digitale ferdigheiter.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga anbefaler revisjonen at Kvam herad set i verk nokre tiltak for å bidra til ytterlegare betring og systematisering av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og god bruk av IKT i grunnskulane i kommunen. Dei anbefalte tiltaka går fram av kapittel 6 *Konklusjon og tilrådingar*.

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	8
2. Om tenesteområdet	12
3. Det systematiske skulemiljøarbeidet	13
4. Handtering av konkrete tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt	26
5. Skuleeigar sitt forsvarlege system	44
6. Bruk av IKT i grunnskulane	47
7. Konklusjon og tilrådingar	58
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	60
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	63
Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	70

Detaljert innhaldsliste

Samandrag	3
1. Innleiing	8
1.1 Bakgrunn	8
1.2 Føremål og problemstillingar	8
1.3 Avgrensing	9
1.4 Metode	10
1.5 Revisjonskriterium	11
2. Om tenesteområdet	12
2.1 Organisering av grunnskulane	12
2.2 Skulane i Kvam Herad	12
2.3 Organisering av IKT i grunnskulane	12
3. Det systematiske skulemiljøarbeidet	13
3.1 Problemstilling	13
3.2 Revisjonskriterium	13
3.3 Mål, planar og tiltak	15
3.4 Elevundersøkinga og andre trivselsundersøkingar	19
3.5 Digitale krenkingar	21
3.6 Involvering av elevar og føresette	23
5. Skuleeigar sitt forsvarlege system	44
5.1 Problemstilling	44
5.2 Revisjonskriterium	44
5.3 Innhenting av informasjon om skulane sin praksis	44
5.4 Kommunen si oppfølging av praksis og regelverk på skulane	46
6. Bruk av IKT i grunnskulane	47
6.1 Problemstilling	47
6.2 Revisjonskriterium	47
6.3 Planar og strategiar for bruk av digitale verktøy og digitale læremiddel	48
6.4 Tilgang til digitale læremiddel og verktøy	50
6.5 Digital kompetanse blant dei tilsette	54
6.6 Utvikling av elevane sine digitale ferdigheiter	56
7. Konklusjon og tilrådingar	58
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	60
Vedlegg 2 : Revisjonskriterium	63
Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	70

Figurar

Figur 1 Organisasjonskart oppveksteininga i Kvam herad.	12
Figur 2 Planar, mål og tiltak	17
Figur 3 Evaluering av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet.	18
Figur 4 Tiltak for å førebyggje digital mobbing (N=115)	22
Figur 5 Oppleving av om tiltaka mot digital mobbing er tilstrekkelege.	22
Figur 6 Involvering av elevar og føresette.	24
Figur 7 Tilsette si oppfatning av om skulen har rutinar.	32
Figur 8 Kjennskap til rutinar ved skjerpa aktivitetsplikt	34
Figur 9 Medverknad av elevar ved utarbeiding av aktivitetsplan.	36
Figur 10 Kjennskap til elevar som ikkje har det trygt og godt.	37
Figur 11 Skriftlege rutinar for å sikre at aktivitetsplan blir utarbeidd.	39
Figur 12 Informasjon til elevar og foreldre om rettar etter kap. 9 A.	42
Figur 13 Innhenting av informasjon frå skuleeigar.	45
Figur 14 Tilgang på digitale verktøy og læremiddel.	52
Figur 15 Bruk av digitale verktøy og læremiddel i eigne undervisningstimar.	52
Figur 16 Lærarane si oppfatning av eigen digital kompetanse.	54
Figur 17 Tilbod om kompetanseheving.	55
Figur 18 Elevane sine digitale dugleikar.	57

Tabellar

Tabell 1: Oversikt over grunnskulane i Kvam herad	12
Tabell 2 Rektorane si meining om planar, mål og tiltak ved sin skule.	17
Tabell 3 Rektor sine svar på om skulane har skriftlege rutinar for handlingspliktene.	30

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein forvaltningsrevisjon av arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Kvam herad i sak PS 04/19, 20.02.2019.

Prosjektet er bestilt i samsvar med Kvam herad sin plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020, som er vedteke i heradsstyret.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med forvaltningsrevisjonen har vore å undersøke om skuleeigar og den enkelte skule arbeider systematisk for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane i Kvam herad, samt om skulane har rutinar for å handtere og følgje opp tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø i samsvar med krav i opplæringslova. Vidare har det vore eit føremål å undersøke bruken av IKT i skulane i Kvam herad.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerlig for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?

- a) I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit godt psykososialt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- b) I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- c) Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- d) I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
 - i) Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
 - ii) I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
 - iii) I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

2. I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

- a) Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- b) I kva grad er tilsette på skulane kjend med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- c) I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- d) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?

- e) I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- f) I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

3. I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?

- a) I kva grad innhentar og brukar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A?
- b) I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

4. I kva grad arbeider skuleeigar og den enkelte skule systematisk for å sikre ein føremålstenleg bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad?

- a) Har kommunen ein plan/strategi for bruk av digitale verktoy og digitale læremiddel i grunnskulane?^{1 2}
- b) Har elevane i grunnskulane i Kvam herad tilstrekkeleg tilgang på digitale læremiddel og digitale verktoy?³
- c) Har lærarane tilstrekkeleg digital kompetanse til å ta i bruk tilgjengelege digitale verktoy og læremiddel på føremålstenleg vis, og blir det eventuelt arbeid systematisk med kompetanseheving på området?
- d) I kva grad sikrar kommunen at elevane får utvikla digitale ferdigheiter i dei ulike faga?⁴

1.3 Avgrensing

Forvaltningsrevisjonen er avgrensa til å omhandle kommunale grunnskular i Kvam herad, samt opplæringstilbodet retta mot barn i grunnskulepliktig alder. Vaksenopplæringa og friskular har såleis ikkje vore omfatta av prosjektet.

Problemstilling 2 e) har blitt undersøkt gjennom ein stikkprøvekontroll av aktuelle saker (sjå avsnitt 1.4 om metode for nærare skildring av stikkprøvekontrollen). Gjennomgangen av system, rutinar, tiltak mv. ved den enkelte skule vil i utgangspunktet vere på eit relativt overordna nivå, men med ein noko meir detaljert gjennomgang ved skulane der det har blitt gjennomført intervju (sjå avsnitt 1.4 om metode). Det kan difor vere at praksisen på andre skular, eller oppfølginga i andre elevsaker, skil seg frå den praksisen som blir skildra i rapporten.

¹ Med digitale verktoy meiner vi tekniske gjenstandar som ein bruker i fysisk forstand anten som et hjelpemiddel eller som ei eining som kan samle eller spreie informasjon, som til dømes smart-tavler, berbare PC-ar og nettbrett. Med digitale læremiddel meiner vi læremiddel som er tilgjengeleg digitalt som til dømes Geogebra, Aski Raski, Word Finder, Salaby og Smartøving.

² Ordlyden i denne problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har tatt bort «ressursar», då dette er dekkja av digitale verktoy og læremiddel.

³ Denne problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har lagt til «digitale verktoy» i tillegg til «digitale læremiddel».

⁴ Ordlyden i denne problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har endra frå «digital kompetanse» til «digitale ferdigheiter» i samsvar med ordlyden i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og kvalitetssikring er underlagt krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet mars 2019 til oktober 2019.

1.4.1 Dokumentanalyse

Rettskjelder har blitt gjennomgått og nytta som revisjonskriterium. Vidare har informasjon om kommunen og dokumentasjon på interne rutinar, etterleving av regelverk m.m. blitt samla inn og analysert. Også resultat frå og oppfølging av Elevundersøkinga, samt dei siste åras tilstandsrapportar for grunnskulen har vore relevant dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen.

I tillegg til overordna dokument frå kommunen, har vi henta inn utvalde dokument frå tre skular, som vil bli omtalt som *case-skular* i denne rapporten. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert i forhold til revisjonskriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervju utvalde personar frå Kvam herad som er involvert i arbeidet med IKT i skulane og med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulane.

Revisjonen har gjennomført 10 intervju med til saman 22 personar. Det blei gjennomført eit felles intervju med kommunalsjef oppvekst, leiar for skule og barnehage, og rådgjevar oppvekst. I tillegg har IKT-ansvarleg og IKT-rådgjevar for skulane blitt intervju. Ved kvar av dei tre case-skulane har skuleleiinga, ei gruppe med lærarar og IKT-ansvarleg blitt intervju. Dei tre skulane blei vald ut slik at skular av ulik storleik og med ulike klassetrinn blei representert.

1.4.3 Stikkprøvekontroll

Revisjonen har fått tilgang til ei anonymisert oversikt over saker der det for skuleåret 2018/19 (per mai 2019) blei konstatert at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Basert på denne oversikta har revisjonen vald ut seks enkeltsaker for gjennomgang og kontroll av korleis saka er følgt opp. Stikkprøvene blei fordelt på dei tre case-skulane. I stikkprøvegjennomgangen har det vore fokus på utarbeiding av ein skriftleg plan i medhald av krav i opplæringslova, involvering av eleven sjølv og eleven sine føresette, samt evaluering av tiltak som blir sett i verk.


1.4.4 Spørjeundersøking

Revisjonen sendte ut ei elektronisk spørjeundersøking til alle rektorane, lærarane og andre tilsette (t.d. assistentar/fagarbeidarar) ved grunnskulane i heradet for å få informasjon om korleis skulane jobbar med å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Spørsmåla i undersøkinga har kartlagt sentrale forhold knytt til ivaretaking av aktivitetsplikta, oppfølging av mobbesaker, og det å arbeide systematisk og kontinuerleg for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Spørjeundersøkinga har òg kartlagt ulike sider ved bruken av digitale verktøy og digitale læremiddel, samt kompetansen til å ta i bruk desse. I tillegg til spørsmål med førehandsdefinerte svarkategoriar, har vi lagt til rette for at respondentane kunne gi utfyllande informasjon i opne svarfelt. Anonymiteten til dei som svarte på spørjeundersøkinga er ivareteke når svara er omtala i rapporten.

Spørjeundersøkinga blei gjennomført i perioden 13. mai 2019 til 5. juni 2019. Den blei sendt ut til 171 tilsette ved skulane i heradet, og fekk til saman 126 svar, noko som vil seie at omlag 74 prosent av respondentane svarte⁵. Figur 1 syner korleis dei 126 respondentane fordeler seg mellom ulike typar stillingar ved skulane.

⁵ Det blei sendt ut fleire påminningar i gjennomføringsperioden, og svarfristen blei utsett med ei veke for å gje fleire høve til å svare.

Kva stilling har du ved skulen/SFO? (N=126)



Alle dei seks rektorane svarte på spørjeundersøkinga. Av dei 99 respondentane som svarta at dei er lærarar er om lag halvparten (53 prosent) kontaktlærarar. Dei som svarte «anna stilling», blei bedne om å spesifisere kva dei arbeider med på skulen. Mellom svara går det fram at dei er SFO-leiar, fagarbeidar, vernepleiar og merkantilt tilsett.

Svara til respondentane vil bli presentert ved figurar gjennom rapporten. Ettersom det er stor variasjon i storleiken på skulane i Kvam herad, varierer også talet på respondentar per skule. Av omsyn til personvern, og metodiske utfordringar grunna lågt tal respondentar ved enkelte skular⁶, vil ikkje revisjonen systematisk presentere resultat per skule frå spørjeundersøkinga. Likevel vil revisjonen til ein viss grad omtale variasjonar og ulikskapar i svara frå skulane i rapporten.

1.4.5 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuet for verifisering, og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten. Revisjonen har likevel ikkje verifisert intervjureferat i samband med gruppeintervju med lærarar. Dette er fordi revisjonen ikkje har knytt informasjon får intervjuet opp mot enkeltpersonar, og det er sannsynleg at lærarane kan ha ulike erfaringar og ulike oppfatningar om enkelte av temaa som har blitt tatt opp i gruppeintervjuet.

Datadelen av rapporten er sendt til rådmannen for verifisering, og faktafeil er retta opp i den endelege versjonen. Høyringsutkast av rapporten blei deretter sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin høyringsuttale er lagt ved rapporten (vedlegg 1).

1.5 Revisjonskriterium

Revisjonskriteria er dei krav og forventningar som forvaltningsrevisjonsobjektet skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er revisjonskriteria i hovudsak henta frå opplæringslova. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg 2 til rapporten.


⁶ Ved skular der det er få respondentar, vil kvart enkelt svar få stor prosentvise utslag ved analyse av svara. Det er difor metodisk utfordrande å samanlikne svara på tvers av skular fordi enkeltsvar vil få ulike utslag på ulike skular.

2. Om tenesteområdet

2.1 Organisering av grunnskulane

Til oppveksteininga i Kvam herad ligg barnevern, PPT, helsestasjon og familiesenter, i tillegg til barnehage og skule. Oppvekstsjef har det overordna ansvaret for eininga, med leiar for barnehage og skular som næraste leiar for skuleleiarane i heradet. I staben til oppvekstsjef er det tilsett ein skulefagleg rådgjevar.

Figur 1 Organisasjonskart oppveksteininga i Kvam herad.



2.2 Skulane i Kvam herad

Det er seks kommunale grunnskular i Kvam herad: fire barneskular, ein ungdomskule og ein kombinertskule med klassar frå 1. til 10. trinn. Som det går fram av tabellen under, varierer skulane mykje i storleik, frå 36 elevar på den minste skulen til 280 elevar på den største skulen.

Tabell 1: Oversikt over grunnskulane i Kvam herad

Skule	Trinn	Elevtal skuleåret 2018/2019
Kvam ungdomsskule	8. – 10.	263
Norheimsund skule	1. – 7.	280
Strandebarm skule	1. – 10.	138
Tørvikbygd skule	1. – 7.	36
Øystese barneskule	1. – 7.	250
Ålvik skule	1. – 7.	51

2.3 Organisering av IKT i grunnskulane

IKT-avdelinga har fem tilsette og ligg under økonomi- og stabseininga, leia av økonomisjefen i heradet. IKT-leiar har ansvar for infrastruktur og utstyr på IKT-feltet. Vidare har IKT-avdelinga ein IKT-rådgjevar som har ansvar for oppfølginga av skulane. I tillegg har kvar skule ein eigen lærar som også er IKT-ansvarleg, med unntak av ein skule der skuleleiinga har dette ansvaret.

3. Det systematiske skulemiljøarbeidet

3.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad arbeider skulane i kommunen systematisk og kontinuerlig for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane i grunnskulen, og gjennom dette førebygge mobbing og andre krenkingar?

Under dette:

- I kva grad har skulane formulert mål, utarbeidd planar og sett i verk tiltak for å bidra til eit trygt og godt skulemiljø og førebygging av mobbing, og i kva grad blir mål, planar og tiltak jamleg evaluerte og oppdaterte?
- I kva grad blir Elevundersøkinga og ev. andre trivselsundersøkingar nytta systematisk for å ha oversikt over utfordringar knytt til mobbing og anna krenkande åtferd ved skulane og vurdere behov for konkrete tiltak?
- Arbeider kommunen og skulane systematisk for å førebyggje digitale krenkingar?
- I kva grad blir elevar og føresette involverte i arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og førebyggje mobbing?
 - Er det etablert skulemiljøutval i samsvar med krav i regelverket?
 - I kva grad blir elevane involvert i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø?
 - I kva grad blir føresette informerte og involverte i arbeidet med skulemiljøtiltak?

3.2 Revisjonskriterium

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og nulltoleranse mot krenkingar

Av opplæringslova § 9 A-2 går følgjande overordna krav til skulemiljøet fram: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

§ 9 A-3 i opplæringslova omhandlar nulltoleranse mot krenkingar og krav om systematisk arbeid, og følgjande går fram av første ledd:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3 2017* som omhandlar betydinga av krav i opplæringslova kapittel 9 A, går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.⁷

Digital krenking

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.⁸ Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistriivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det.

Utdanningsdirektoratet understrekar at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletid, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen.⁹

⁷ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁸ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁹ Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Bruk av mobiltelefon

Skuleeigar kan regulere mobilbruken i ordensreglementa sine, og også fastsetje kva tiltak skulen skal kunne bruke mot elevar som bryt reglane. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Skulen kan til dømes inndra mobiltelefonen dersom den forstyrrar undervisninga, men skulen kan ikkje behalde mobiltelefonen utover skuletida.¹⁰

Systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremje eit godt skulemiljø

Krav til kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje eit godt skulemiljø har blitt vidareført frå tidlegare kapittel 9a i opplæringslova.¹¹ Følgjande går fram av § 9 A-3 andre ledd:

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Ansvaret for systematisk og kontinuerleg skulemiljøarbeid er i ny lovtekst eksplisitt lagt til rektor. Av forarbeida til opplæringslova går det fram at det systematiske og kontinuerlege skulemiljøarbeidet er ein del av internkontrollen. Vidare går det fram følgjande:

Ein føresetnad for å lykkast er at skolen sjølv har sett seg konkrete mål ut frå dei generelle krava i lovverket, og at planar og tiltak er tilpassa til dei lokale utfordringane. Ein dynamisk internkontroll føreset dessutan at arbeidet blir løpande vurdert og jamleg revidert.¹²

Eigenvurderingsverktøyet Reflex er tilgjengeleg via nettsida til Utdanningsdirektoratet. Det kan nyttast av skuleeigarar og skuleleiarar for å vurdere eigen praksis. Om evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet går det mellom anna fram at informasjon skulen har om korleis arbeidet fungerer, må nyttast til å vurdere i kva grad det førebyggjande arbeidet fremmer eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at det alltid må føreliggje informasjon frå både tilsette, elevar og foreldre.¹³

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som det er obligatorisk for skulane å gjennomføre på 7. og 10. trinn.¹⁴ Gjennomføring av eventuelle andre trivselsundersøkingar er ikkje pålagde frå nasjonalt hald, men mellom anna Læringsmiljøsentret¹⁵ anbefalar å nytte trivselsundersøkingar for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og avdekke mobbing.¹⁶

Brukarmedverknad og krav til elevdeltaking

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

I eigenvurderingsverktøyet Reflex blir det vist til at rektor må sørgje for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at elevane blir involvert i arbeidet med å planleggje og gjennomføre arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at elevane i alle klassene må involverast i større eller mindre grad. Som det går fram over, må informasjon både frå elevar og foreldre vere ein del av informasjonsgrunnlaget ved evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§ 11-1 A), og det blir gitt nærare føringar for samansetninga av utvalet og kva for ein rolle det skal ha. Mellom anna går det fram at skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

¹⁰ Utdanningsdirektoratet. *Mobilbruk og ordensreglement*. Tolkningssuttalelse 12.12.2014.

¹¹ Kapittel 9 A i opplæringslova blei endra med verknad frå 1. august 2017.

¹² Ot.prp.nr.72 (2001-2002) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. 03.05.2002.

¹³ Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skulemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre (for skuleledelsen)*

¹⁴ Utdanningsdirektoratet. *Elevundersøkelsen*. Sist endra: 05.06.2018

¹⁵ *Nasjonalt senter for læringsmiljø og adferdsforskning (Læringsmiljøsentret)* er tilknytt Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora ved Universitetet i Stavanger.

¹⁶ Læringsmiljøsentret. *Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?* Publisert 02.06.2017

3.3 Mål, planar og tiltak

3.3.1 Datagrunnlag

3.3.1.1 Planar

Kvam herad har utarbeidd ein *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. Denne blei utarbeidd i 2013 og revidert i 2017 i samband med endringane i kap. 9 A i opplæringslova. Det blir opplyst at planen skal gjennom ei ytterlegare revidering som omtalar meir av dei noverande satsingsområda i Kvammaskulen.¹⁷

I *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går det fram at kvar skule skal lage ein lokal plan for eit trygt og godt skulemiljø. Skuleeigar opplyser at den kommunale overordna planen skal liggje til grunn for dei lokale planane. Dei tre case-skulane har ulike planar for arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø, og det varierer kor oppdaterte dei tre planane er. Medan det går fram at ein av planane blei oppdatert skuleåret 2018/19, er dei to andre planane frå høvesvis 2013 og 2015. Det blir opplyst frå rektorane at både desse planane er under revidering.

3.3.1.2 Mål

I *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*, går følgjande mål fram under «Trivsel – trygt og godt skulemiljø»:

- Alle elevane i Kvam skal trivast på skulen
- Auka kompetanse på korleis få gutane til å trivast betre i skulen
- Bruke resultata inn i skulen for å finne tiltak gjennom analysemodellen i LP
- Utvikling av ein profesjonell kultur med kompetanse og kapasitet til å gjere skuledagen trygg for alle¹⁸

I heradet sin *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*, går det fram at kvar skule skal ha konkrete mål for skulemiljøet som går fram i skulen sin plan for eit trygt og god skulemiljø.¹⁹ Dei tre case-skulane sine skulemiljøplanar inneheld alle eigne mål eller visjonar. Måla er formulerte på eit overordna nivå, som til dømes at alle elevar skal ha eit trygt klasse- og skulemiljø utan mobbing og plaging, eller at skulen skal ha nulltoleranse for mobbing.

3.3.1.3 Tiltak

I heradet sin *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*, går det fram at kvar skule skal ha konkrete tiltak for skulemiljøet og ein førebyggjande del i skulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø.²⁰

Ved dei tre case-skulane fortel dei intervjuar rektorane og lærarane om eigne tiltak og aktivitetar skulen har som har til føremål å førebyggje mobbing. Dette dreier seg i hovudsak om sosiale arrangement både i løpet av skuledagen og etter skuletid. To av case-skulane har eit årshjul for det førebyggjande arbeidet i skulemiljøplanen sin. Desse to årshjula tar for seg dei same temaa, mellom anna klassereglar, klasseleing, og klassemiljø, samt ulike trivselstiltak – i hovudsak sosiale arrangement som aktivitetsdagar og elevkveldar. Den siste case-skulen har også ei liste over ulike sosiale arrangement som skal gjennomførast i løpet av året, og har i tillegg utarbeidd ei liste over fem tiltak som skal skape ei meir medviten haldning til mobbing.

Under følgjer nokre tiltak som blir gjennomført på tvers av skulane. I tillegg til desse, trekte fleire av skulane fram helsesjukepleiar som viktig i arbeidet med å sørge for eit trygt og godt skulemiljø. Det er også fleire av case-skulane som nyttar «Link til livet» - eit undervisningsopplegg som omhandlar livsmeistring,²¹ og skuleeigar peikar vidare på at alle skular har fått opplæring i verktøypakka «Psykologisk førstehjelpsskrin».²²

¹⁷ Det blir mellom anna vist til arbeidet knytt til elevsynet «Barn er ikkje vanskelege, dei har det vanskeleg.»

¹⁸ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

¹⁹ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

²⁰ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

²¹ Link til livet: <https://www.linktillivet.no/>

²² Psykologisk førstehjelp: https://unqsinn.no/post_tiltak/psykologisk-forstehjelp/

LP-modellen

Kvam herad har dei siste tre åra arbeid for å implementere Læringsmiljø- og pedagogisk analyse (LP-modellen) i barnehagar og skular.²³ Ifølgje *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018* er dette ein strategi for systematisk og varig forbetningsarbeid i barnehage og skule. Den overordna målsetjinga er å realisere potensialet for læring hjå alle elevar.²⁴ PPT er LP-rådgjevarar. Utviklingsarbeidet har innebore at skulane har nytta fellestida annakvar veke til arbeid med LP-modellen. Skuleeigar opplyser at tilbakemeldingane på LP-modellen har vore delte blant dei tilsette i skulane; mange er positive og nøgde med verktøyet, medan andre meiner det tar for mykje tid i skulekvardagen. Ved ein av skulane blir det trekt fram at LP-modellen har vore nyttig som eit analyseverktøy i samband med undersøkingar som skulen har gjort for å finne gode tiltak i aktivitetsplanane.

Trivselseiarprogrammet (TL)

Alle barneskulane i heradet er med i Trivselseiarprogrammet.²⁵ Programmet inneber at klassen vel trivselseiarar som har ansvar for å organisere leik i friminutta og sørge for at alle har nokon å leike med. I samband med TL-programmet har ein arbeid for å leggje til rette uteområda på skulane for trivselsaktivitetane. Ein av rektorane peikar på at TL-programmet har bidrege positivt til det psykososiale miljøet på skulen ettersom det inkluderer mange kjekke leikar som fører til positiv aktivitet i friminutta. Frå nokre av lærarane blir det peika på at TL-programmet har vore vellukka, men at ein har drøfta om det moglegvis tar for mykje tid av skulekvardagen. Det kan vere negativt at elevane ikkje har heilt fri i friminutta.

Miljøarbeidarar

Ein av case-skulane har hatt ein miljøarbeidar i 50% prosjektstilling skuleåret 2018/19. Både rektor og lærarane på denne skulen oppfatar at tilsetning av miljøarbeidar har vore eit positivt tiltak. Miljøarbeidaren er i tett kontakt med elevane både gjennom aktivitet i friminutta, i kantina og elles i skulekvardagen, og fangar opp ting som kontaktlærar ikkje har tid eller moglegheit til.

For skuleåret 2019/20 skal alle skulane i kommunen ha fått ein miljøarbeidar med krav om sosialfagleg utdanning, i stillingsprosentar som varierer mellom 50% og 100%. I stillingsutlysinga til miljøarbeidarar går det fram at målsetjinga er å både hjelpe elevane i klassen og samstundes bidra saman med leiinga til å utvikle skulen på systemnivå.

Tilsette sine oppfatningar om planar, mål og tiltak

I spørjeundersøkinga blei lærarar og andre leiarar med undervisning bedne om å ta stilling til påstandar om skulen har utarbeidd skriftlege planar, tydelege mål og konkrete tiltak for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Svara til lærarane og andre leiarar med undervisning går fram i figur 2 og viser at det er ein større prosentdel som er *einig* i at skulen har skriftlege planar (74 prosent), enn som er *einig* i at skulen har konkrete tiltak (67 prosent) og tydelege mål (60 prosent). Det er svært få som seier seg anten *delvis ueinig* eller *ueinig* i desse påstandane.


Nærare undersøking av svarfordelinga syner at det er noko variasjon mellom skulane. Når det gjeld skriftlege planar, varierer prosentdelen som svarar *einig* ved skulane frå 57 til 87 prosent. Prosentdelen som svarar *einig* ved skulane varierer frå 29 til 70 prosent på spørsmål om skulen har utarbeidd tydelege mål og frå 29 til 78 prosent på spørsmålet om skulen har utarbeidd konkrete tiltak.

²³ Læringsmiljø og pedagogisk analyse: <https://www.inn.no/prosjektsider/laeringsmiljoe-og-pedagogisk-analyse>

²⁴ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

²⁵ Trivselseiarprogrammet: <https://trivselsleder.no/>

Figur 2 Planar, mål og tiltak



Respondentane som var *einig* eller *delvis einig* i at skulen deira har konkrete tiltak for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø, fekk vidare spørsmål om dei meiner at tiltaka som skulen har sett i verk er tilstrekkelege. Til dette svarar om lag halvparten *i stor grad* og om lag halvparten *i nokon grad*.

Rektorane er anten *einig* eller *delvis einig* i påstandane i figur 2. Svara deira går fram av tabellen under:

Tabell 2 Rektorane si meining om planar, mål og tiltak ved sin skule.

	Einig	Delvis einig
...skriftlege planar	4	2
...tydelege mål	2	4
...konkrete tiltak	5	1

Av dei seks rektorane, er det to som meiner at tiltaka skulen har sett i verk for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø *i nokon grad* er tilstrekkelege. Dei andre fire rektorane meiner at tiltaka *i stor grad* er tilstrekkelege.

Evaluering av mål, planar og tiltak

I *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går det fram at dei lokale planane på skulane skal evaluerast årleg.²⁶ Vidare går det fram at rektor skal sørge for at skulen årleg evaluerer eige skulemiljøarbeid, rutinar og planar for arbeidet. Skulane skal ha rutinar for evalueringa («når, kven, kva og korleis»), og dei skal sjå på om arbeidet og rutinane er tenlege for å nå dei måla som er sett for skulemiljøet. Til slutt skal rektor også sørge for at denne evalueringa blir dokumentert.

«Evaluering av denne planen» ligg inne i årshjulet til dei to case-skulane som har dette inkludert i skulemiljøplanen sin. Her går det mellom anna fram at rektor har ansvar for å gå gjennom planen med skulen sine tilsette i august. I tillegg skal ein vurdere og eventuelt justere planen med personalet i


²⁶ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.

september. I løpet av hausten skal planen vidare opp i FAU, SU og SMU. Vidare omtalar årshjula også korleis ein skal involvere elevar og foreldre i dette arbeidet. Mellom anna skal «Evaluering av førre skuleåret, tankar om miljøtiltak dette skuleåret, orientering om og evaluering av ordensreglane» takast opp med elevrådet, FAU, SU og SMU i september. Den tredje skulen omtalar også evalueringsarbeidet i sin skulemiljøplan. Her går det fram at ein skal gjere fortløpande evalueringar under og etter gjennomførte tiltak, samt ei årleg vurdering av tiltaksplanen ved skuleårets slutt. Her går det ikkje fram korleis elevar og føresette eventuelt skal involverast i evalueringsarbeidet.

Ved case-skulen med den mest oppdaterte skulemiljøplanen opplyser rektor at planen blir evaluert kvart år ved skulestart, og at det ofte blir gjort endringar etter innspel frå dei tilsette. Eit døme på dette er at skulen valde å halde fram med trivselsundersøkinga Spekter (meir om denne i neste kapittel) etter ønske frå dei tilsette. Lærarane ved denne skulen stadfester at tiltaka ved skulen blir evaluerte årleg og at lærarane får kome med innspel. Ved dei to andre case-skulane blir det opplyst frå rektor at skulane sine ulike trivselsaktivitetar og -tiltak blir evaluerte årleg, sjølv om skulemiljøplanane er frå 2013 og 2015.

I spørjeundersøkinga blei dei tilsette bedne om å ta stilling til ein påstand om mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet blir jamleg evaluerte og oppdaterte. Til dette seier 3 av rektorane seg *einig*, medan 3 rektorar seier seg *delvis einig*. Svara til lærarar og andre leiarar med undervisning går fram av figur 3, og syner at 37 prosent er *einig* i at mål, planar og tiltak blir evaluerte og oppdaterte jamleg, medan 50 prosent seier seg *delvis einig* i dette. Respondentane som svarar at dei er *delvis ueinig* eller *ueinig* i denne påstanden fordeler seg på alle seks skulane i kommunen.

Figur 3 Evaluering av mål, planar og tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet.



3.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det føreligg planar, mål og tiltak som ledd i det kontinuerlige og systematiske arbeidet knytt til psykososialt skulemiljø ved skulane i Kvam herad. Planane er til dels utdaterte og verkar ikkje å vere i aktiv bruk ved to av skulane. Revisjonen meiner difor det er grunn til å stille spørsmål ved om skulemiljøarbeidet er tilstrekkeleg systematisk og kontinuerleg ved alle skulane. Undersøkinga syner òg at det er ein relativt høg prosentdel av dei tilsette, samt fire av seks rektorar, som berre er delvis einig i at tydelege mål er på plass. Også når det gjeld tiltak, er det ved nokre av skulane mange som berre delvis meiner at det er sett i verk konkrete tiltak. Dette indikerer etter revisjonen si vurdering at det er behov for å tydeleggjere mål og tiltak for det psykososiale skulemiljøet på den enkelte skule.

Det er sett i verk ei rekkje tiltak som del av det systematisk og kontinuerlege skulemiljøarbeidet, nokre som er felles for skulane og nokre som er særneigne for enkeltskular. Revisjonen vurderer det som positivt at skulane har eigne lokale tiltak som dei vurderer viktige for sin skule, og at det i tillegg er nokre felles tiltak for alle skulane i heradet. Som undersøkinga syner, svarar nær halvparten av respondentane som fekk spørsmål om tiltaka er føremålstenlege, *i nokon grad*. Det å vurdere kva tiltak som fungerer godt og kva tiltak som fungerer mindre godt, og vurdere behov for andre eller justerte tiltak, er ein viktig del av det å evaluere korleis det systematiske skulemiljøarbeidet fungerer. Undersøkinga indikerer etter revisjonen si vurdering at det ikkje i tilstrekkeleg grad blir gjennomført systematiske evalueringar av skulemiljøarbeidet på den enkelte skule. Dette til tross for at heradet har stilt tydelege krav til desse prosessane på skulane, og skulane også til ein viss grad har etablert rutinar for slike evalueringar.

Revisjonen vil presisere viktigheita av at det ved kvar skule blir henta inn informasjon frå både tilsette, foreldre og elevar for å kartleggje korleis det førebyggjande skulemiljøarbeidet fungerer, og på grunnlag av den samla informasjonen må skulen vurdere om det er behov for å endre måten det blir arbeidd på. For å sikre at evalueringane er tilstrekkeleg systematiske og målretta, meiner revisjonen det er viktig at det føreligg tydelege, skriftlege rutinar for desse prosessane på skulane, i samsvar med heradet sine overordna retningslinjer.

3.4 Elevundersøkinga og andre trivselsundersøkingar

3.4.1 Datagrunnlag

I spørjeundersøkinga svarar rektorane at Elevundersøkinga hausten 2018 blei gjennomført for dei obligatoriske trinna, 7. og 10. trinn. Ved tre av skulane blei Elevundersøkinga også gjennomført på andre trinn enn dei obligatoriske. Det blir opplyst at det er vanleg at skulane gjer dette, men at det blei gjort i mindre grad for skuleåret 2018/19 enn tidlegare på grunn av at ein også gjennomførte ei spørjeundersøking i samband med LP-modellen. Det blir opplyst at ein del av temaa er overlappende mellom dei to undersøkingane.

Rektorkollegiet har utarbeidd ein prosedyre for arbeid med Elevundersøkinga som skulane brukar. I *Elevundersøkinga - prosedyre for gjennomføring 2018-2019*, går det fram at lærarane skal gå gjennom alle spørsmåla i førekant av undersøkinga for å sikre ei felles forståing. Vidare går det fram at resultatane skal handsamast og evaluerast i skuleleiinga, skulen sitt personale, elevråd – alle elevane, foreldra og i tilstandsrapporten.²⁷ Ifølgje skuleeigar blir Elevundersøkinga også drøfta i rektormøte, og ein samtalar om korleis ein kan følgje opp resultatane.

Skuleeigar opplyser elles at Elevundersøkinga er ei viktig datakjelde for kvalitetsrapporten skuleeigar utarbeidar. Frå *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*, går det fram at «...resultat frå Elevundersøkinga for 2018 syner at verdiane for både trivsel og mobbing ligg om lag på linje med landssnittet.»²⁸

I spørjeundersøkinga blei lærarane, andre leiar med undervisning og rektorane (N=116) spurt i kva grad skulen nyttar resultatane frå Elevundersøkinga knytt til tema «Trivsel» og «Trygt miljø» for å vurdere konkrete behov for oppfølging og tiltak. Medan 5 prosent svarar *i liten grad* og om lag 7 prosent *veit ikkje*, svarar 47 prosent at resultatane blir nytta *i stor grad* og 41 prosent *i nokon grad*. I dei utfyllande kommentarane i spørjeundersøkinga og i intervju med lærarane og rektorane på case-skulane går det fram at resultatane frå Elevundersøkinga blir drøfta på personalmøte og i fellessamlingar og at undersøkinga er ein god reiskap for å lære om trivselen til elevane.

3.4.1.1 LP-undersøkinga, Spektar og utviklingssamtalar

Kvam herad gjennomførte ei trivselsundersøking i samband med LP-modellen (sjå omtale av denne i førre kapittel) i 2016 og 2018 der både elevar, foreldre og lærarar svara. Av kvalitetsrapportane for 2017 og 2018 går det fram at resultatane frå undersøkinga i 2016 viste at gutar trivst dårlegare på skulen enn jenter.²⁹ Gutar i Kvam skårar også vesentleg dårlegare på trivsel enn gjennomsnittet for gutar nasjonalt. Det går

²⁷ Kvam herad. *Elevundersøkinga – prosedyre for gjennomføring 2018-2019*.

²⁸ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

²⁹ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2017*. 15.11.2017

vidare fram at skuleeigar har ein hypotese om at skulen er for teoretisk og lærebok-styrt, og at den treff jenter betre. I kvalitetsrapporten for 2018 går det mellom anna fram at ein skal utarbeide ein «metodisk verktøykasse» som treff gutar betre i læresituasjonen, og at ein skal fokusere meir på praktisk undervisning.³⁰

Skuleåret 2018/19 byrja to av skulane i heradet å bruke klassemiljøundersøkinga Spekter.³¹ Lærarane på ein av desse skulane uttrykker i intervju at dei synest Spekter supplerer Elevundersøkinga på ein god måte og at dei har inntrykk av elevane er ærlege når dei svarar. Fleire av dei intervjuja lærarane peikar på at det er ein fordel at Spekter ikkje er ei anonym undersøking. Då reaksjonane på Spekter har vore positive ved dei to skulane som har tatt undersøkinga i bruk, ynskjer skuleeigar at alle skulane skal ta i bruk undersøkinga framover.

I samband med halvårlege utviklingssamtalar/elevsamtalar skal både foreldre og elevar fylle ut eit skjema med spørsmål som mellom anna tar for seg trivsel. Dette skjemaet er felles for skulane i Kvam herad og inneheld spørsmål om det er eit godt miljø på skulen der eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyre, og om elev eller føresette opplever at eleven blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.³²

Tidlegare gjennomførte ein av case-skulane trivselsundersøkingar kvar månad. Dette føregjekk i to år, og skuleleiinga erfarte at resultatata og nytten av desse undersøkinga blei dårlegare etter kvart fordi elevane blei lei av å svare og ikkje tok undersøkinga på alvor. Skulen valde difor å slutte med desse månadlege undersøkingane.

Ved dei to case-skulane som er barneskular, opplyser lærarane at ein ved behov har nytta sosiogram for å kartleggje trivselen til elevar i enkeltklassar. I tillegg blir det peika på ein-til-ein samtalar med elevane som viktig for å ha kjennskap til trivselen deira. Det blir vidare opplyst at Kvam herad i fleire år har vore med på Ungdata, ei undersøking for elevar på ungdomsskulen og i vidaregåande skule.

I spørjeundersøkinga fekk lærarar, andre leiingar med undervisning og rektorar spørsmål om skulen deira gjennomfører andre undersøkingar eller kartleggingar for å få informasjon om trivsel og/eller førekomsten av mobbing og andre krenkingar ved skulen. Til dette svarar 68 prosent *ja*, medan 9 prosent svarar *nei* og 22 prosent *veit ikkje*.

3.4.2 Vurdering

Undersøkinga syner etter revisjonen si vurdering at det er etablert tydelege system for gjennomføring og oppfølging av Elevundersøkinga ved skulane, som legg til rette for at resultatata blir drøfta breitt. Ein stor del av dei tilsette opplever også at resultatata frå Elevundersøkinga blir nytta anten i stor eller i nokon grad.

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at nokre av skulane supplerer Elevundersøkinga med andre, ikkje-anonyme undersøkingar, ettersom desse gjev meir detaljert informasjon om elevane sin trivsel, og omfattar ei større gruppe elevar. Undersøkinga viser at det er noko variasjon mellom skulane når det gjeld bruken av andre trivselsundersøkingar. Ein av case-skulane nyttar ikkje andre trivselsundersøkingar og ein relativt høg prosentdel av dei tilsette som har svart på spørjeundersøkinga (22 prosent) svarar at dei ikkje veit om skulen deira nyttar slike. Revisjonen meiner det vil styrke det systematiske skulemiljøarbeidet dersom alle skulane nyttar trivselsundersøkingar systematisk, uavhengig av kva metode ein vel. Trivselsundersøkingar er viktige supplement til Elevundersøkinga, for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og i nokre tilfelle også avdekke mobbing. Revisjonen meiner difor det er positivt at skuleeigar, basert på dei gode erfaringane som to av skulane har hatt med Spekter, ynskjer å innføre denne undersøkinga ved alle skulane i heradet.

Revisjonen merkar seg også at skuleeigar, i kjølvatnet av det som kom fram gjennom LP-undersøkinga om at gutane har lågare fagleg trivsel enn jentene, har sett i verk tiltak for å gjere noko med dette.

³⁰ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*.

³¹ Om Spekter: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer-boker-og-verktoy/spekter-kartleggingsverktoy/>

³² Kvam herad. *Oppfølgingsskjema ang. §9a: psykososialt miljø for elevane*.

3.5 Digitale krenkingar

3.5.1 Datagrunnlag

I Kvam herad si felles forskrift om trygt og godt skulemiljø/ordensreglement går det fram at skulane i heradet er mobilfrie. Dette blei vedteke som ein reaksjon på digital mobbing. Vidare går det fram frå felles forskrift at:

- Det ikkje er tillate å bruke mobiltelefon, iPad, kamera og liknande elektronisk utstyr i timane utan særskild løyve.
- Mobiltelefonar, iPad, kamera og anna elektronisk utstyr som forstyrrar undervisninga eller vert brukt til mobbing skal takast frå elevane i skuletida.
- Brot på reglane kan føre til inndraging av mobiltelefon, iPad, kamera og liknande elektronisk utstyr. I tillegg kan eleven misse retten til å bruke skulen sitt IKT-utstyr.
- Den enkelte skule skal vedta meir detaljerte reglar for bruk av internett og elektronisk utstyr.³³

Skuleeigar opplyser at ungdomskulane i kommunen har brukt mobilhotell dei siste to-tre åra. Ved ein av ungdomsskulane går det fram av skulen sine ordensreglar at mobiltelefonen skal leverast inn når skuledagen byrjar. Den blir levert ut att ved slutten av dagen. Digitalt utstyr kan nyttast etter avtale med lærar, og brot fører til inndraging resten av dagen.

Ved ein anna case-skule får revisjonen opplyst at skulen er mobilfri, men ut frå ordensreglane som sist var oppdatert i august 2018 kan det sjå ut til at dei eldste elevane ved skulen har løyve til å bruke mobiltelefonane i friminutta. Vidare går det fram av ordensreglane at brot på reglane om mobilbruk, fører til inndraging av mobilen resten av dagen og at ein føreset må hente mobilen på skulen dersom tre brot på reglementet førekjem.

Ved den siste av case-skulane går det fram av ordensreglane at mobil/smartklokke kan liggje i sekken i skuletida, men at den må vere avslått frå kl. 08.15 til det ringer ut etter siste time. Ved brot på regelen blir mobilen/smartklokka drege inn, og føresette må hente utstyret på kontoret til rektor.

Når det gjeld det førebyggjande arbeidet for å motverke at digitale krenkingar oppstår, inneheld ikkje heradet sin *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* nærare informasjon om dette.³⁴ Ein av case-skulane nemner i skulemiljøplanen sin at nettvot skal vere tema i foreldremøte. I ein anna plan går det fram, som eit råd til korleis ein kan stoppe krenkingar, at ein må snakke om kva digital mobbing er og konsekvensane av det. Ved den siste case-skulen er ikkje digitale krenkingar eller nettvot nemnt i handlingsplanen mot mobbing.

Case-skulane opplyser i intervju at det blir arbeid førebyggjande gjennom opplæring i nettvot i fleire fag, og at dette også er tema i «klassens time». Ved ein av skulane har digital mobbing også vore tema på ein sosialdag. Av andre førebyggjande tiltak blir det trekt fram besøk av Barnevakten³⁵ i foreldremøte og aktiv bruk av helsesjukepleiar i jente- og gutegrupper der digitale krenkingar er eit av tema som blir diskutert. Ved ungdomsskulane har ein dei siste to åra hatt felles foreldremøte for trinna der politi, utekontakt, psykolog og helsesjukepleiar har vore til stades. Nettvot var overordna tema for eit av desse møta.

Fleire av case-skulane legg vekt på viktigheita av å involvere foreldre i arbeidet mot digitale krenkingar. Det blir opplyst at skulane prøver å fange opp dei nyaste appane som elevane potensielt kan bruke til digitale krenkingar og at rektorane legg ut informasjon om desse på heimesida til skulen for å halde foreldra oppdatert. Skuleeigar legg også ut informasjon om slike appar på Facebook-sida «Barn og unge i Kvam».

Frå intervju med rektorar og lærarane på case-skulane går det fram at digitale krenkingar ikkje er eit stort problem i skuletida ettersom skulane er mobilfrie. Det blir opplyst at dei digitale krenkingane som blir avdekka i hovudsak skjer på fritida til elevane, og i hovudsak råkar elevane på mellomtrinnet og på ungdomskulen, men at ein òg har sett saker på småtrinnet. Dei intervjuja fortel at elevane ofte tek med seg digitale krenkingar på fritida inn i skulekvardagen, men både rektorar og lærarar peikar på at skulane

³³ Kvam kommune. *Felles forskrift om trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam herad/Ordenreglement*. Revidert felles forskrift frå 03.07.2013 – korrigerd både på ordlyd og innhald etter ny §9a august 2017.


³⁴ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigerd etter ny § 9a frå 01.08.17*.

³⁵ Barnevakten er ei stifting som gir råd om barn, unge og media.

mest truleg ikkje får vite om alle digitale krenkingar som førekjem. Dei digitale krenkingane tar hovudsakeleg form som utestengingar frå grupper på spel eller sosiale media og gjennom spreiring av bilde.

I spørjeundersøkinga blei lærarar, rektorar og andre leiarar med undervisning spurt om skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing. Som figur 4 syner, svarar 47 prosent *ja*, medan 32 prosent svarar at slike tiltak *delvis* er sett i verk, 11 prosent svarar *nei* og 10 prosent svarar *veit ikkje*.


Figur 4 Tiltak for å førebyggje digital mobbing (N=115)



Respondentane som svara *ja* eller *delvis* på spørsmålet om skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing (91 respondentar), fekk oppfølgingsspørsmål om kva tiltak skulen har sett i verk. Av 86 svar, peikar eit stort fleirtal på at digital krenking går igjen som samtaleemne på foreldremøte og at ein har hatt det som tema både i undervisninga og i samtalar med elevane, i tillegg til at skulane er mobilfrie.

Respondentane som svara *ja* eller *delvis* på spørsmålet om skulen har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing, blei også spurde om dei opplever desse tiltaka som tilstrekkelege. Som figuren under viser svarar 70 prosent *i nokon grad* og i 14 prosent svarar *i stor grad* til dette.

Figur 5 Oppleving av om tiltaka mot digital mobbing er tilstrekkelege.



3.5.2 Vurdering

Undersøkinga syner at skulane gjennomfører ulike tiltak for å førebyggje digitale krenkingar, men i spørjeundersøkinga svarar berre rett under halvparten av respondentane *ja* på spørsmål om skulen deira har sett i verk tiltak for å førebyggje digital mobbing. Av spørjeundersøkinga går det vidare fram at relativt mange ikkje finn dagens tiltak mot digital mobbing tilstrekkelege. Etter revisjonen si vurdering viser dette at det er behov for å evaluere dagens tiltak og vurdere behov for fleire og/eller endra tiltak. Revisjonen vil i denne samanheng peike på at det kan vere føremålstenleg å leggje til rette for drøfting på tvers av skulane om kva tiltak som fungerer godt/mindre godt. Etersom det er gjort litt ulike tiltak ved skulane, meiner revisjonen at erfaringsdeling på tvers kan vere viktig som ledd i arbeidet med å finne fram til tiltak som fungerer, særleg når det gjeld kompliserte tema som utestenging av grupper på ulike sosiale media – eit problem som verkar å gå att på fleire av skulane. Revisjonen meiner også det kan vere føremålstenleg å inkludere arbeidet med å førebyggje digitale krenkingar i større grad både i overordna planar og skulane sine eigne planar som omhandlar skulemiljøarbeidet. Dette kan bidra til å synleggjere og tydeleggjere at også digitale krenkingar er eit viktig tema å rette merksemd mot i samband med skulemiljøarbeidet, og vil også kunne bidra til å sikre at dette temaet blir omfatta av evalueringar av skulemiljøarbeidet.

Bruk av mobiltelefonar er nemnd i ordensreglementet til alle case-skulane og i Kvam herad si felles forskrift for trygt og godt skulemiljø/ordensreglement. I ein av skulane sitt ordensreglement står det at elevane på ungdomstrinnet berre treng å skru av mobiltelefonen i skuletimane, sjølv om revisjonen i intervju har fått opplyst at skulen er mobilfri og nyttar mobilhotell. Revisjonen vil difor understreke at det er viktig at ordensreglementa er oppdaterte i tråd med gjeldande praksis på skulane.

Ifølgje opplæringslova §9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Det er difor positivt at ordensreglementa skildrar kva sanksjonar elevar som bruker mobiltelefon utan løyve i skuletida vil bli møtt med. I ordensreglementa til to av skulane er ein av sanksjonane at føresette må hente ut inndrege utstyr etter at skuledagen er over dersom eleven bryt reglane tre gonger. Revisjonen vil minne om at skulane sitt ordensreglement, ifølgje rundskriv *Ordensreglement Udir-8-2014*,³⁶ ikkje kan regulere fritida til elevane. Det vil seie at sanksjonen som inneber at føresette må hente inndrege utstyr er ulovleg dersom det medfører at skulen beheld mobiltelefonen utover skuledagen.

3.6 Involvering av elevar og føresette

3.6.1 Datagrunnlag

I *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* omhandlar eit av kapitla brukarmedverknad i skulen. Det går fram av planen at «skulen skal halde alle samarbeidsorgana løpande orientert om alle tilhøve som er av vesentleg betyding for skulemiljøet» og at «skulen tek samarbeidsorgana med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltaka så tidleg som mogleg». Det går fram at det er rektor, kontaktlærar og elevrådskontakt som er ansvarleg for dette på skulane i Kvam. Det går òg fram av overordna plan at elevane skal vere involverte i arbeidet med den lokale planen som kvar skule skal lage for eit trygt og godt skulemiljø.³⁷

Skulemiljøutval

Overordna plan for arbeidet med trygt og godt skulemiljø gir ei kort skildring av kva eit skulemiljøutval er, korleis det skal organiserast og kva saker utvalet har rett til å utale seg i. Planen gir ikkje føringar for kor ofte skulane skal ha møte i skulemiljøutvalet. Av dei tre case-skulane revisjonen besøkte, har det vore varierende grad av aktivitet i skulemiljøutvalet. Ved ein av skulane blei det ikkje avhalde møte i skulemiljøutval for skuleåret 2018/2019. Rektor ved denne skulen, forklarar at dette ikkje har blitt prioritert, og at sakene heller har blitt tatt opp i FAU. Ved ein anna av case-skulane blei det ikkje gjennomført møte før i mai 2019 då skulen fram til dess hadde mangla leiar for FAU. Den tredje case-skulen har slått saman møta til skulemiljøutvalet med møta til samarbeidsutvalet, og gjennomfører møte to gonger i året. Frå referata til SU/SMU-møta for skuleåret 2019 går det fram at elevar og foreldre til

³⁶ Sist endra 31.07.2017

³⁷ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

saman er i fleirtal i utvalet, men grunna høgt fråfall av elevar og foreldre i eit av møta, utgjorde ikkje desse representantane fleirtalet blant dei som var til stades.

I spørjeundersøkinga blei lærarar, andre leiarar med undervisning og rektorane spurde om i kva grad dei opplever at elevane sine føresette, og samarbeidsorgan der elevane sine føresette er representerte, blir haldne informerte om alt som er viktig for skulemiljøet. Til dette svarar 25 prosent *i stor grad*, medan 58 prosent meiner at dette blir gjort *i nokon grad* og 6 prosent svarar *i liten grad*. 11 prosent svarar *veit ikkje*.

Involvering av elevar

Alle case-skulane har eit elevråd, og rektorane trekkjer fram arbeidet i elevrådet og i klassens time/klasse møte som viktige arenaer for å involvere elevane. På ein av case-skulane ynskjer rektor seg eit meir aktivt elevråd, men fortel at det har vore vanskelig å få ein av lærarane til å ta på seg ansvaret for elevrådet. På ein annan case-skule er rektor sjølv fungerande leiar for elevrådet. På alle case-skulane blir det sett av tid i kvar klasse til å diskutere sakene i førekant av møta i elevrådet.


Involvering av foreldre

Det blir opplyst at alle skulane har eit FAU, men at det varierer i kva grad desse har vore aktive utval. I eit FAU blei det starta ei ordning der foreldre med flyktningbakgrunn får tildelt ein lokal familie som følgjer dei opp i skulesamanheng, til dømes i foreldremøte og ulike samlingar i regi av skulen. Ved ein annan skule har rektor brukt mykje tid på å få meir aktivitet i utvalet, mellom anna gjennom å leie møta sjølv i ein periode i påvente av ny FAU-leiar. Ved denne skulen har rektor eigne møte med FAU-leiar utanom FAU-møta.

På den eine case-skulen er det kontaktlærarane og skulen som set agendaen og styrer foreldremøtet på hausten, medan foreldremøte på våren er eit samarbeid mellom skule og FAU.

I spørjeundersøkinga blei rektorar, lærarar og andre leiarar med undervisning spurde om graden av involvering av både elevane ved skulen og elevane sine føresette. Som figur 6 syner, meiner respondentane at elevar og foreldre blir involvert i om lag like stor grad: litt over 10 prosent meiner at elevane og dei føresette blir involvert *i stor grad*, medan om lag 70 prosent meiner at dei blir involverte *i nokon grad*. Nærare undersøking av svara viser at det er noko variasjon mellom skulane: ved to skular er det ingen som svarar at føresette og elevar blir involverte *i stor grad*, medan det ved ein skule er over 30 prosent som svarar at dei blir involvert *i stor grad*.

Figur 6 Involvering av elevar og føresette.



Respondentane som svarar anten *i stor grad* eller *i nokon grad* fekk oppfølgingsspørsmål om å nemne dei viktigaste måtane skulane involverer høvesvis elevane og foreldra på. Når det gjeld involvering av elevane, blir dialogen i klassemøta trekt fram, samt arbeidet i elevrådet, involvering i utforming av klassereglar, samtalar med elevane, sosiale temadagar og arbeidet med trivselseiarane i friminutta. Elevane sine føresette blir involvert gjennom arbeidet i FAU, foreldremøte, utviklingssamtalar, trivselsarrangement i og etter skuletida og dialog via e-post og telefon. Dette blei stadfesta i intervju med rektorar og lærarar på skulane.

3.6.2 Vurdering

Undersøkinga syner at ein av skulane ikkje hadde møte i skulemiljøutvalet skuleåret 2018/2019, medan ein anna skule ikkje hadde eit fungerande utval før i mai. Skulemiljøorganet er eit lovfesta organ, og er meint å vere eit sentralt ledd i arbeidet med å sikre medverknad i skulemiljøarbeidet. Det er difor viktig at kommunen sørgjer for at alle skulane gjennomfører møte i skulemiljøutvala. Sidan skulemiljøutvalet ikkje synast å vere eit organ som blir aktivt nytta ved skulane, meiner revisjonen også at det synast å vere behov for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane, og kva saker som kan og bør handsamast av skulemiljøutvalet. Revisjonen vil også presisere at det i informasjon frå Utdanningsdirektoratet går fram at det er viktig at det er eit tydeleg skilje mellom møte i samarbeidsutvalet og møte i skulemiljøutvalet, i dei tilfelle samarbeidsutvalet utgjør delar av skulemiljøutvalet. Dette kan til dømes sikrast gjennom åtskilte referat og gjennom at møtet i skulemiljøutvalet blir lagt rett før eller rett etter møtet i samarbeidsutvalet.³⁸ Vidare er det krav om at representantar frå alle gruppene møter i utvalet for at det skal vere lovleg sammensett. Utdanningsdirektoratet presiserer òg at foreldre og elevar også i praksis må vere i fleirtal, og at vara må nyttast ved forfall. Dette betyr at eit av SMU-møta revisjonen har fått referat frå, i praksis ikkje var lovleg samansett.

Svar frå spørjeundersøkinga stadfestar at både foreldre og elevar blir involvert i skulemiljøarbeidet, men ein stor del av respondentane opplever at dette skjer berre i nokon grad. Dette indikerer etter revisjonen si vurdering at det er potensial for ytterlegare involvering av både elevar og føresette. Revisjonen meiner at dette er eit tema som bør takast opp jamleg, mellom anna i samband med evaluering av det systematiske skulemiljøarbeidet, for å vurdere behov for å gjere endringar i måten elevar og foreldre blir involverte på. Revisjonen vil også vise til heradet sin overordna plan for skulemiljøarbeidet, der det går fram at elevane skal involverast i arbeidet med utarbeiding av skulemiljøplanar på skulane. For å sikre at elevane blir involverte i desse prosessane, er det etter revisjonen si vurdering viktig at planane blir gjennomgått og revidert jamleg. Vidare er det viktig at det blir gjennomført systematiske evalueringar av skulemiljøarbeidet, under dette også av skulen sin skulemiljøplan, og at elevane får ein tydeleg rolle i desse prosessane.

³⁸ Utdanningsdirektoratet. *Skulemiljøutvalg. Veileder til medlemmene*. 2014

4. Handtering av konkrete tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt

4.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad er det etablert system og rutinar som medverkar til å sikre at konkrete tilfelle der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir handtert i samsvar med krav i opplæringslova?

Under dette:

- Er det etablert tilfredsstillande rutinar som skildrar korleis den enkelte tilsette og skulen skal følgje opp aktivitetsplikta i opplæringslova § 9 A-4 og dei handlingspliktene som følgjer av denne?
- I kva grad er tilsette på skulane kjende med eventuelle rutinar for å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og handtere saker der dette ikkje er tilfelle?
- I kva grad er det utarbeidd rutinar for skjerpa aktivitetsplikt i saker der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og i kva grad er ev. slike rutinar kjent blant lærarane?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at involverte elevar blir høyrde og at eleven sine meningar blir vektlagt i arbeidet med å finne eigna tiltak for å sikre at eleven får det trygt og godt på skulen?
- I kva grad blir saker der ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, følgt opp i samsvar med krav i opplæringslova, mellom anna med utarbeiding av aktivitetsplan?
- I kva grad er det etablert rutinar for å sikre at skulane informerer elevane og foreldra om rettane til eit trygt og godt skulemiljø, om tilsette si aktivitetsplikt og om elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

4.2 Revisjonskriterium

Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skulemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane og til dei som arbeider på skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017* blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdjupe, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider* ved skulen, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Eleven sin rett til å bli høyr

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyr og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje forarbeida skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyr i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.³⁹

Krav til dokumentasjon

I opplæringslova § 9 A-4 sjette og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.⁴⁰ Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A, at bokstav a) til e) berre er minimumskrav.⁴¹

Dokumentasjonskrava til skulen er ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Udir-3 2017* todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Denne dokumentasjonsplikta rettar seg mot alle delpliktene i aktivitetsplikta, og rettar seg mot det arbeidet skulen faktisk gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, og ikkje rutinar eller planar for korleis skulen skal sørgje for eit trygt og godt skulemiljø.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

§ 9 A-5 i opplæringslova pålegg tilsette ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren.

Vidare går det fram at undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A:

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

³⁹ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

⁴⁰ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁴¹ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

4.3 Rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta

4.3.1 Datagrunnlag

4.3.1.1 Felles rutinar i heradet

I samband med endringane i opplæringslova kap. 9 A korrigererte Kvam herad noko av innhaldet i *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. Kapittelet *Rutinar for handsaming av avvik ved det psykososiale skulemiljøet* inneheld ein tabell som skildrar korleis skulane skal følgje opp plikta til å følgje med, plikta til å gripe inn, plikta til å varsle, plikta til å undersøke, samt plikta til å setje inn tiltak og evaluere desse.⁴² For kvar av pliktene går det fram kven som er ansvarleg og kva dokumentasjon dei tilsette eventuelt skal nytte. Trass i at tabellen er oppdatert slik at den omtalar dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, blir det mellom anna vist til eit gammalt rundskriv frå Utdanningsdirektoratet som ikkje er oppdatert i samsvar med endringane i opplæringslova. I tillegg er *enkeltvedtak* trekt fram fleire stader i tabellen (mellom anna i same rad som det går fram at rektor skal utarbeide ein aktivitetsplan), trass i at enkeltvedtak blei erstatta av aktivitetsplan i samband med endringane i opplæringslova.

Rutinane knytt til kvar av handlingspliktene seier følgjande (frå *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*):

- *Plikta til å følgje med*: Kontaktlærer har ansvar for å kartlegge trivsel på skulen to gonger i året i utviklingssamtalen. Rektor og alle tilsette har ansvar for gode inspeksjonsrutinar, samt fortløpande observasjon av og involvering i den einskilde eleven sin situasjon på skulen.
- *Plikta til å gripe inn*: Tilsette som observerer situasjonar som oppstår har ansvar for å gripe inn direkte dersom det er nødvendig og mogleg. Det blir peika på at høvet til å bruke fysisk makt i skulen er svært avgrensa.
- *Plikta til å varsle*: Tilsette som observerer situasjonar som oppstår har ansvar for å varsle skuleleiinga så snart som råd.
- *Plikta til å undersøke*: Tilsette/kontaktlærer/rektor har ansvar for at det straks blir sett i gang undersøkingar ved kunnskap eller mistanke om krenkjande ord eller handlingar. Det går fram nokre døme på kva ein kan gjere for å undersøke saka nærare, mellom anna samtale med eleven som kjenner seg krenkt, samtale med eleven/elevane som har krenkt den andre, samtale med foreldra til alle partar, samtalar/diskusjonar i kollegiet og diskutere generelt i klassen.
- *Plikta til å setje inn tiltak*: Skulen skal nemne dei konkrete tiltaka, grunngi kvifor desse tiltaka er valde, få med korleis tiltaka skal følgjast opp og evaluerast og kven som har ansvar for dette, samt informasjon om klageretten på vedtaket.

Viktigheita av å følgje særskilt med på særleg sårbare elevar er ikkje omtala under plikta til å følgje med. Skuleeigar har også utarbeidd dokumentet *Informasjon, rutiner og aktivitetsplikt § 9A; Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø*. Dette er ei A4-side som oppsummerer aktivitetsplikta, og som særleg tar for seg plikta til å dokumentere det skulen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta (plikta til å dokumentere er nærare omtala i kap. 4.7 *Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt*).

Vidare opplyser skuleeigar at heftet *Kapittel 9A – Opplæringsloven – Elevenes skulemiljø* (utgjeve av Pedlex) blei kjøpt inn til alle skuleleiarane då endringane i opplæringslova blei sett i kraft 1. august 2017. Skuleeigar opplyser at alt dei tilsette på skulane treng å vite om arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø, står i dette heftet. Leiar for barnehage og skular har ved fleire høve vist til informasjon i heftet når rektorar har tatt kontakt med spørsmål om kap. 9 A.

4.3.1.2 Rutinar ved case-skulane

I Kvam herad si felles forskrift om trygt og godt skulemiljø/ordensreglement går det fram at planen som skulane skal utarbeide for trygt og godt skulemiljø skal innehalde rutinar/prosedyrar som ivaretek elevane

⁴² Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigerert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

sitt psykososiale skulemiljø.⁴³ Det viser seg at case-skulane i liten grad har utarbeidd egne rutinar knytt til aktivitetsplikta. Ved ein av skulane er det ikkje utarbeidd egne rutinar i det heile, og rektor viser til at ein nyttar rutinane til heradet. Ved ein anna skule er det ikkje laga egne rutinar knytt til aktivitetsplikta, men alle handlingspliktene som følgjer av aktivitetsplikta er kort skildra i skulen sin skulemiljøplan. I tillegg går det fram av skulen sin inspeksjonsplan at ein skal legge merke til kor dei utsette elevane er. Kven som er dei utsette elevane, er noko som ifølgje rektor blir drøfta på trinnmøta/avdelingsmøta. Rektor ved denne skulen meiner at det som står i planen til skulen, samt drøftingar i ulike møtefora, gjev tilstrekkeleg kjennskap og tryggleik til å oppfylle aktivitetsplikta.

Ved den tredje skulen er det sett i gang ein prosess med å utarbeide egne rutinar lokalt på skulen for kvar av handlingspliktene. Rektor ynskjer å involvere lærarane i dette arbeidet, og til no har skulen arbeidd mest med å få ei felles forståing for *plikta til å følgje med*. Rektor har hatt eit mål om at alle lærarane skal gjere det same når dei går inspeksjonsrundar i friminutta; at alle skal sjå etter det same og at alle skal ha lik terskel for å gripe inn i situasjonar slik at det blir meir føreseieleg for elevane kva som blir slått ned på. Enn så lenge omtalar korkje denne skulen sin skulemiljøplan eller nokre av dei andre skulemiljøplanane kva krenkingar er utover at det er «*mobbing, vald, diskriminering og trakassering*».

Leiinga ved denne skulen har spelt inn til skuleeigar at det kunne vore fornuftig at skulane i Kvam herad hadde ein handlingsplan mot mobbing som var felles, og som inneheldt felles rutinar for kvar av handlingspliktene. Rektor har blitt informert av skuleeigar om at rutinane knytt til aktivitetsplikta står i den tildelte boka «Kapittel 9 A. Opplæringsloven. Elevenes skulemiljø» (utgjeve av Pedlex). Rektor meiner at det er behov for meir brukarvennlege og presise rutinar for dei tilsette på skulen enn det som går fram av den tildelte boka.

Ein av dei intervjuar rektorane opplever at leiinga i nokre tilfelle har blitt orientert litt seint i saker der det anten har vore mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det har vore tilfelle der dei gjerne skulle fått informasjon frå lærarane på eit tidlegare tidspunkt. Skulen har ikkje noko klar rutine på kva tid ein lærar skal melde frå til leiinga. Slike varslingsrutinar er heller ikkje oppretta på dei andre skulane, men alle skulane har ein «mobbeknapp» på heimesidene sine der alle kan melde om mogleg mobbing. Ein av rektorane peikar på at det heller ikkje er tydeleg i rutinane til kommunen i kva tilfelle skulen skal varsle skuleeigar. Dei intervjuar rektorane fortel at dei likevel har ein låg terskel for å ta kontakt med skuleeigar, ved leiar for skule og barnehage, dersom ein vanskeleg situasjon oppstår. Dei finn det nyttig å få innspel og råd i samband med utvikling av aktivitetsplanar, særleg i alvorlege tilfelle.

I spørjeundersøkinga fekk rektorane spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar som sikrar at alle tilsette og skulen ivaretek dei ulike handlingspliktene. Svara til rektorane går fram av tabellen under, og syner at 5 av 6 rektorar svarar at skulen deira har skriftlege rutinar for plikta til å *følgje med*, plikta til å *gripe inn*, og plikta til å *varsle*. Når det gjeld plikta til å *undersøke*, er det ein rektor som ikkje har svart. Dei andre fem svarar at skulen har rutinar knytt til denne plikta. Alle dei seks rektorane svarar at skulen deira har skriftlege rutinar for plikta til å setje inn tiltak.

⁴³ Kvam kommune. *Felles forskrift om trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam herad/Ordenreglement*. Revidert felles forskrift frå 03.07.2013 – korrigerert både på ordlyd og innhald etter ny §9a august 2017.

Tabell 3 Rektor sine svar på om skulane har skriftlege rutinar for handlingspliktene.

Handlingsplikt	Ja	Delvis
Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø	5	1
Plikta til å gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering	5	1
Plikta til å varsle rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø	5	1
Plikta til å undersøke saker der det er mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt	5	-
Plikta til å setje inn tiltak som sørgjer for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø	6	-

4.3.2 Vurdering

Det er positivt at skuleeigar har korrigert noko av innhaldet i *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* slik at denne omtalar handlingspliktene. Men som det går fram over, viser planen framleis til eit rundskriv frå Utdanningsdirektoratet som omtalar krava i tidlegare kapittel 9a, samt enkeltvedtak i staden for aktivitetsplan. Dette er etter revisjonen si vurdering ikkje tilfredsstillande, og kan framstå som misvisande for dei som skal nytte den overordna planen som rettleiing i skulemiljøarbeidet.

Innhaldet i det som skuleeigar har kalla «Rutinar for handsaming av avvik ved det psykososiale skulemiljøet» skildrar kort kva dei tilsette skal gjere for å oppfylle aktivitetsplikta, men gjev etter revisjonen si vurdering ikkje tilstrekkeleg tydelege føringar for kva som skal til for å oppfylle dei ulike delpliktene. Dei ulike skulane har også i liten grad skriftlege rutinar som utdjuar korleis dei skal oppfylle aktivitetsplikta. Revisjonen stiller spørsmål ved at det, trass i at case-skulane ikkje har utarbeidd eigne skriftlege rutinar, berre er éin rektor som i spørjeundersøkinga svarar at skulen *delvis* har slike rutinar, medan dei andre rektorane svarar at skriftlege rutinar er utarbeidd. Dette kan etter revisjonen si vurdering indikere at det varierer kva rektorane legg i det å ha skriftlege rutinar for handlingspliktene.

Revisjonen vil presisere viktigeita av at det blir etablert rutinar som gir tydelege føringar knytt til kvar av handlingspliktene, slik at det ikkje er tvil om kva som ligg i dei ulike pliktene og kva som skal til for å sikre at desse blir ivareteke. Dette er viktig for å sikre at den enkelte tilsette si oppfølging i minst mogleg grad er personavhengig. Til dømes meiner revisjonen det er viktig at det blir gitt nokre føringar knytt til det å identifisere særleg sårbare elevar. I eit tilsyn gjennomført av Utdanningsdirektoratet i mai 2019⁴⁴, blir det lagt vekt på at skulen ikkje gjev tilstrekkelege føringar knytt til *plikta til å følgje med*, mellom anna fordi det ikkje har blitt gitt føringar om at dei tilsette skal følgje spesielt godt med på elevar som er ekstra sårbare. Kjennskap til kva elevar som er å rekne som særleg sårbare er sentralt for å kunne ivareta plikta til å følgje med på ein tilfredsstillande måte, jamfør mellom anna rundskriv *Skulemiljø Udir-3-2017*. Vidare bør det føreligge tydelege føringar for kva åtferd som er av ein slik krenkjande karakter at tilsette har plikt til å gripe inn. I det ovannemnde tilsynet fekk skulen kritikk for å ikkje ha kome med føringar knytt til kva som fell inn under omgrepet «krenkingar», då Utdanningsdirektoratet meiner at ei felles forståing av dette omgrepet er naudsynt for at dei tilsette skal vite kva tid dei har ei *plikt til å gripe inn*. Som undersøkinga

⁴⁴ Utdanningsdirektoratet. *Tilsynsrapport – vedtak. Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skulemiljø*. Dato: 24.05.2019

syner omtalar ikkje skulane sine planar kva omgrepet *krenkingar* inneber, utover at det er «*mobbing, vald, diskriminering og trakassering*». Undersøkinga viser også at ikkje alle opplever at det føreligg tydelege rutinar for å varsle rektor, i tillegg til at det blir peika på at det ikkje er tydeleg kva tid skuleeigar skal varslast. Manglande tydeleggjering av handlingspliktene medfører etter revisjonen si vurdering ein risiko for at aktivitetsplikta ikkje blir tilstrekkeleg ivareteke på skulane.

4.4 Kjennskap til rutinar for oppfølging av aktivitetsplikta

4.4.1 Datagrunnlag

Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø omtalar ikkje korleis skulane skal arbeide for å sørge for at alle dei tilsette ved skulane er kjende med det som står om handlingspliktene i nemnde plan, eller eventuelle rutinar ved skulane. Det blir opplyst at informasjonsmøte med lærarane, som mellom skal ta for seg kap. 9 A, ligg inne som ei oppgåve rektorane må hake av for i skulesystemet 1310.no.

Ved dei tre case-skulane har kap. 9 A vore tema for dei tilsette ved skulestart, men det går ikkje fram av årshjula til dei to case-skulane som har dette som del av skulemiljøplanen, at dette skal gjerast. I spørjeundersøkinga fekk alle dei tilsette spørsmål om kor ofte dei vanlegvis får ein gjennomgang av rutinar knytt til aktivitetsplikta. Til dette svarar 22 prosent *halvårleg eller oftare*, medan fleirtalet – 56 prosent – svarar *årleg*. 13 prosent svarar at dei får ein gjennomgang *ved behov*, og 9 prosent svarar *veit ikkje*.

Elles blir det opplyst at aktivitetsplikta er tema i diverse møteforma i løpet av året. Ved ein av skulane er kap. 9 A fast tema på avdelingsmøte kvar veke der det blir informert om enkeltsaker som er viktige at alle veit om. Denne skulen har arbeidd med å utvikle ein eigen rutine for plikta til å følgje med (som nemnt i førre kapittel), og har hatt dette som tema på fleire planleggingsdagar/avdelingsmøte våren 2019. Det blir opplyst at personalet – både lærarar og assistentar/fagarbeidarar – arbeidde gruppevis med rutinar for inspeksjon. Ved ein anna av case-skulane har ein i fellesskap arbeidd med terskelen for å gripe inn. Til dømes har dei tilsette blitt einige om å slå meir ned på banning og stygg språkbruk. Skulen har hatt eit ønske om ein meir lik reaksjon overfor elevane, slik at det blir meir føreseieleg for elevane kva reaksjonar dei kan forvente.


Ved ovannemnde skule er ikkje assistentane/fagarbeidarane med på avdelingsmøta, men dei har avsett tid til å lese referat frå avdelingsmøta og dei har òg møte med kontaktlærar anten kvar veke eller annakvar veke. Leiinga opplever at dei kjenner til aktivitetsplikta og at dei er flinke til å observere og til å varsle om situasjonar som oppstår. Ved ein av skulane blir det spesifisert at assistentar/fagarbeidarar frå skuleåret 2019/20 skal vere med i møte om kap. 9 A før skulestart, då det har vist seg vanskeleg å samle assistentane/fagarbeidarane til eit fellesmøte i arbeidskvardagen. I denne gjennomgangen er det til dømes rom for å drøfte om ein har ulike tersklar for å gripe inn. Ved case-skulen som har eit eige punkt i inspeksjonsplanen sin om at ein skal legge merke til kor dei utsette elevane er, blir det opplyst at ein drøftar kven som er dei utsette elevane på trinnmøta/avdelingsmøta. Fagarbeidarar har eigne møte og drøftar slike problemstillingar der.

Det blir opplyst at skuleeigar orienterte leiande reinhaldar og leiar for vaktmeistertenesta om endringane i opplæringslova i august 2017. Rektorane har ikkje sjølve informert reinhaldarar eller vaktmestarar om deira aktivitetsplikt, men ved ein av skulane opplever leiinga at dei faste reinhaldarane og vaktmeistrane seier ifrå dersom dei ser noko som dei reagerer på.

I spørjeundersøkinga fekk dei tilsette spørsmål om skulen har skriftlege rutinar som skildrar alle tilsette si plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og korleis denne plikta skal ivaretakast av den enkelte tilsette. Som figur 7 syner, svarar 87 prosent av dei tilsette *ja* på dette spørsmålet, medan 9 prosent svarar *delvis* og fire prosent av dei tilsette svarar *veit ikkje*. Ved nærare undersøkingar av svarfordelinga går det fram at det er variasjonar mellom skulane. Prosentdelen som svarar ja, varierer frå 39 prosent på ein skule til 100 prosent på ein anna.

Figur 7 Tilsette si oppfatning av om skulen har rutinar.


Har skulen skriftlege rutinar som skildrar alle tilsette si plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og korleis denne plikta skal ivaretakast av den enkelte tilsette? (N=119)



På spørsmål om skulen har *skriftlege rutinar* for kva dei tilsette skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, svarar 90 prosent ja (sju prosent svarar delvis, to prosent svarar nei og to prosent veit ikkje). Dei tilsette blei også spurde om dei har fått informasjon om kva dei skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, noko 76 prosent svarar ja på (19 prosent svarar delvis, 4 prosent svarar nei og 1 prosent veit ikkje).

Vidare i spørjeundersøkinga fekk dei tilsette spørsmål om dei kjenner seg trygge på i kva tilfelle dei skal gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, og om dei er trygge på i kva tilfelle dei skal varsle rektor om saker som gjeld elevar sitt psykososiale skulemiljø. Svara går fram av figuren under, og viser at det er noko meir usikkerheit blant dei tilsette knytt til plikta til å gripe inn enn plikta til å varsle.

Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar:



Blant «Eventuelle utfyllande kommentarar til skulen sitt arbeid med å etterleve aktivitetsplikta i opplæringslova» er det ein tilsett som skriv at skulen bør få meir faste rutinar på informasjon til alle tilsette om korleis dei skal etterleve aktivitetsplikta.

4.4.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at aktivitetsplikta og kap. 9 A i opplæringslova har vore tema i ulike fellesmøte ved skulane i løpet av skuleåret. Sjølv om det er praksis ved skulane for å gå gjennom kap. 9 A i førekant av skulestart med dei tilsette, meiner revisjonen at skulane med fordel kan tydeleggjere gjennom til dømes årshjul, skulemiljøplanar eller andre føremålstenlege dokument korleis skulen vil sikre at alle tilsette er kjende med aktivitetsplikta, og kva møtearenaer som er sentrale i denne samanheng.

Revisjonen vil også presisere viktigheita av at det ikkje berre blir informert om aktivitetsplikta, men at skulane også sikrar ei god og felles forståing for kva dei ulike pliktene betyr i praksis, og kva som er forventa av den enkelte tilsette for at aktivitetsplikta skal vere oppfylt. Spørjeundersøkinga syner at mesteparten av lærarane meiner at skulen deira har skriftlege rutinar som skildrar plikta til å følgje med, samt kva dei skal gjere i situasjonar der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det er likevel ein del forskjellar mellom skulane. Vidare gir dei rutinane som revisjonen har sett, i liten grad utdjupande informasjon til dømes om kva som ligg i plikta til å følgje med, korleis skulen sikrar at dei tilsette følgjer ekstra godt med på sårbare elevar, kva elevar dette gjeld, kva føringar som er gitt for kva ei krenking er eller korleis tilsette skal gripe inn (jf. kap. 4.3). Revisjonen meiner det er viktig at det føreligg skriftlege rutinar som gir tydelege føringar når det gjeld desse punkta, og som sikrar ei felles forståing både på den enkelte skule og på tvers av skulane i kommunen. I ein tilsynsrapport frå mai 2019 presiserer også Utdanningsdirektoratet viktigheita av tydelege føringar på desse områda, og at det blir dokumentert systematisk både korleis dei tilsette følgjer med og korleis det blir gripe inn mot krenkingar.⁴⁵ Revisjonen merkar seg at det ved enkelte skular blir arbeidd med å definere i kva situasjonar dei tilsette skal gripe inn, og vil presisere viktigheita av at det på alle skulane blir sikra ei felles forståing eller føring for kva som fell inn under omgrepet *krenking*.

Revisjonen vil også peike på viktigheita av at *alle* som arbeider på skulane er kjend med plikta for å følgje med, gripe inn og varsle rektor, også personar som ikkje er tilsett ved skulane. Det føreligg per i dag ikkje rutinar for å sørgje for jamleg informasjon om aktivitetsplikta til alle som arbeider på skulane, og det er revisjonen si vurdering at kommunen bør vurdere å etablere rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen er informert om aktivitetsplikta.

4.5 Skjerpa aktivitetsplikt

4.5.1 Datagrunnlag

Frå *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går følgjande fram: «Dersom vaksne ved skulen har krenkt ein elev, er dette både ei personalsak og ei sak om eleven sitt skulemiljø. Ei slik sak krev at skulen grip inn. Saka skal varslast skuleeigar.»⁴⁶ Skuleeigar har inntrykk av at rektorane er godt orienterte om at slike saker skal varslast skuleeigar, då dei har fått varsel i fleire saker der skjerpa aktivitetsplikt har vore tema. I nokre slike saker har skuleeigar rettleia den tilsette saman med rektor.

To av dei tre case-skulane omtalar i sin skulemiljøplan kva dei tilsette skal gjere dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Ein av desse planane gjer også greie for kva ein skal gjere dersom det er rektor eller leiinga som står for krenkinga. Ved den tredje skulen er ikkje skjerpa aktivitetsplikt nemnt i skulen sin skulemiljøplan.

Skjerpa aktivitetsplikt har i varierende grad blitt drøfta ved skulane. På den eine skulen har skjerpa aktivitetsplikt vore tema på avdelingsmøta og det har blitt tatt opp som eit eige punkt på medarbeidersamtalen mellom rektor og lærarar. Lærarane ved denne skulen kjenner til at dei skal gå til

⁴⁵ Utdanningsdirektoratet. *Tilsynsrapport – vedtak. Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skulemiljø*. Dato: 24.05.2019.

⁴⁶ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17*.


rektor med desse sakene, og direkte til skuleeigar dersom det er nokon i leiinga som krenkjer, men dei synest ikkje at skjerpa aktivitetsplikt har blitt snakka noko særleg om ved skulen. Temaet har ikkje blitt tatt opp i møte ved byrjinga av skuleåret.

På ein annan case-skule har dei hatt eit par saker som har omhandla skjerpa aktivitetsplikt. Rektor opplever at det er ei forståing blant lærarane av kva den skjerpa aktivitetsplikta inneber, og opplyser at dette har blitt tydeleg kommunisert ut blant dei tilsette. Lærarane ved denne skulen kjenner til at det finst ein eigen rutine for korleis ein skal gå fram dersom ein vaksen krenkjer ein elev. Dei trur ikkje dei ville nølt med å seie i frå dersom dei såg ein vaksen krenkje ein elev, men peikar på at det likevel kan vere vanskeleg å seie ifrå om saka fordi ein må gå i deltaljar for å undersøke kva som eigentleg har skjedd.

På den tredje skulen opplyser rektor at skjerpa aktivitetsplikt i liten grad har blitt drøfta i ulike møtefora, men ein har drøfta at tilsette alltid skal varsle rektor eller avdelingsleiarar dersom ein elev fortel om noko som gjeld andre vaksne. Blant lærarane er det litt ulike oppfatningar om dette er eit tema som har blitt drøfta, og ikkje alle oppfattar at det er tydeleg kva ein skal gjere i situasjonar der ein får kjennskap til eller mistanke om at ein tilsett krenkjer ein elev. Skulen har ikkje eigne rutinar for dette, og dei tilsette har erfart at det blir vist til kommunen sine rutinar. Det blir peika på at det ikkje er tydeleg kvar ein skal finne desse rutinane.

I spørjeundersøkinga fekk alle dei tilsette spørsmål om skulen har skiftlege rutinar som skildrar kva tilsette ved skulen/SFO skal gjere dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Fire rektorar svarar ja til dette, medan to rektorar svarar *delvis*. Av dei andre tilsette (N=118) svarar 47 prosent av dei tilsette *ja* til at skulen har skriftlege rutinar som omtalar skjerpa aktivitetsplikt. Vidare svarar 11 prosent *delvis*, 2 prosent *nei* og 40 prosent *veit ikkje*. I spørjeundersøkinga blei dei tilsette også bedne om å ta stilling til påstanden «Eg veit korleis eg skal handtere tilfelle der eg får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev». Til dette seier 43 prosent seg *einig* og 39 prosent er *delvis einig* (sjå nærare svarfordeling i figuren under).

Figur 8 Kjennskap til rutinar ved skjerpa aktivitetsplikt



4.5.2 Vurdering

Det er etter revisjonen si vurdering positivt at skjerpa aktivitetsplikt er nemnd i *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. Det er også positivt at to av case-skulane omtalar temaet i sine skulemiljøplanar, men undersøkinga syner samtidig at ein relativt stor del av dei tilsette (40 prosent) svarar *veit ikkje* på spørsmål om skulen har skriftlege rutinar for situasjonar der ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Vidare er det under halvparten av respondentane som tydeleg gir uttrykk for at dei veit korleis dei skal

handtere tilfelle der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, og skjerpa aktivitetsplikt har i liten grad vore drøfta ved skulane.

Det er, basert på dette, revisjonen si vurdering at korkje skuleeigar eller rektor på den enkelte skule i tilstrekkeleg grad sikrar at det føreligg tydelege rutinar for varsling i tilfelle der tilsette får kjennskap til eller mistanke om at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Dette er ikkje tilfredsstillande, då manglande rutinar og informasjon medfører ein betydeleg risiko for at regelverket ikkje blir etterlevd på dette punktet.

4.6 Medverknad frå involverte elevar

4.6.1 Datagrunnlag

I Kvam herad sin *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går det fram at undersøkingar ved kunnskap eller mistanke om krenkjande ord eller handlingar, til dømes kan innebere samtale med eleven som kjenner seg krenkt og samtale med eleven som har krenkt den andre. Det går fram av overordna plan at skulen må ta vare på alle dei involverte elevane, både den som kjenner seg krenkt og den eller dei som har krenkt andre. Det går vidare fram at skulen skal sikre at eleven si subjektive oppleving kjem fram.⁴⁷

Skuleeigar opplyser at den siste utgåva av mal for aktivitetsplan legg godt til rette for at eleven si røyst skal kome tydeleg fram. I malen skal skulen, under «Undersøkingar», krysse av for at det er gjennomført samtale med elev, med grunngjevinga «Eleven si stemme skal kome tydeleg fram i mobbesaker.» Denne endringa blei gjort med bakgrunn i tilbakemelding frå Fylkesmannen i klagesaker, om at eleven si røyst ikkje kom fram i tilstrekkeleg grad. Ved case-skulen som har hatt klagesaker, opplever leiinga at dei tilsette har blitt betre til å få fram eleven si røyst i aktivitetsplanane. Særleg på småtrinnet har det tidligare vore mest fokus på å ha dialog med dei føresette, men etter innspel frå Fylkesmannen i samband med klagesakene, har ein blitt flinkare til å også involvere dei yngste elevane. Ein anna rektor fortel at skulen si involvering av elevar i enkeltsaker varierer litt etter alder, og at dei større elevane har ei oppfatning som ikkje er så avhengig av kva som skjedde den same dagen, men klarar å sjå sakene i eit litt lengre perspektiv. Rektor har også erfart at elevar av og til ikkje ynskjer å snakke eller seie si mening i ei sak som gjeld 9 A.

I stikkprøvekontrollen som er gjennomført, går det fram at elevane som ikkje har det trygt og godt blir høyrde gjennom samtalar både ved utarbeiding av aktivitetsplan og undervegs i perioden der tiltaka utspelar seg. Ut frå stikkprøvane verkar det å variere i kva grad eleven sine meningar blir *vektlagt* i arbeidet med å finne eigna tiltak. I fleire av sakene er det heilt tydeleg at eleven er høyrd og tatt på alvor. Til dømes har ein elev som ikkje har det trygt og godt i klassen sin, eit ønskje om at klassen skal få eit betre samhald. Skulen legg deretter inn fleire sosiale aktivitetar for klassen. I ei anna sak går det tydeleg fram at *begge partar* av ei sak er høyrde. Dei to elevane har kome fram til eit felles mål saman, og føreslår aktivitetar som kan byggje relasjonen mellom dei to. I andre saker er det meir uklart om tiltaka som er sett i verk er vald ut på bakgrunn av ønskje frå elev, og det er ikkje like enkelt å sjå kva det er eleven ynskjer.


I spørjeundersøkinga fekk rektorar, andre leiarar som har undervisning og kontaktlærarar spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar for å sikre medverknad frå involverte elevar i saker der ein skal finne eigna tiltak for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Nær halvparten av respondentane (N=76), 45 prosent, svarar *ja* til dette, medan 22 prosent svarar *delvis* og 5 prosent svarar *nei*. 32 prosent svarar *veit ikkje*. Ved nærare undersøkingar av svarfordelinga går det fram at dei som svarar *nei* fordeler seg på fire av dei seks skulane i heradet, og at to av dei som svarar *nei* er rektorar. Dei som svarar *veit ikkje* fordeler seg på alle dei seks skulane.

Dei same respondentane (rektorane, andre leiarar med undervisning og kontaktlærarane) blei bedne om å ta stilling til to påstandar knytt til involvering av elevar. Resultata går fram av figuren under og syner at respondentane svarar om lag det same til påstanden om at involverte elevar blir høyrde i arbeidet med å finne eigna tiltak, som til påstanden om at meningane til involverte elevar blir vektlagde i arbeidet med å

⁴⁷ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. *Opplæringslova § 9a*. *Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17*.

finne eigna tiltak. Høvesvis 58 og 64 prosent er *einig* i desse påstandane, medan høvesvis 32 og 27 prosent er *delvis einig*. På begge påstandane svarar 9 prosent *veit ikkje*, medan 1 prosent er *delvis ueinig* i at involverte elevar blir hørde. Elles er det ingen som er korkje *delvis ueinig* eller *ueinig* i desse påstandane.

Figur 9 Medverknad av elevar ved utarbeiding av aktivitetsplan.



4.6.2 Vurdering

Det er positivt at overordna plan omtalar viktigheita av å høre både eleven som kjenner seg krenka, og eleven som er skulda for å ha krenkja, og understrekar at skulane må ivareta alle dei involverte elevane. Likevel omtalar ikkje korkje overordna plan, eller case-skulane sine skulemiljøplanar, korleis skulen skal sikre at dei involverte elevane blir hørde eller korleis ein skal få eleven si røyst betre fram i aktivitetsplanane. Det er difor positivt at det blir presisert at eleven si røyst skal kome tydeleg fram i den siste utgåva av mal for aktivitetsplan. Dette *kan* vere med og sikre at lovkrava på dette området blir tydeleg formidla og blir mest mogleg likt praktisert av leiarar og andre tilsette på skulane. Likevel ser revisjonen at det er fullt mogleg å krysse av for at ein har samtala med elev, utan at ein dermed sikrar at eleven si røyst kjem fram. Revisjonen meiner difor at det bør tydeleggjerast ytterlegare korleis dette skal sikrast i praksis.

Stikkprøvekontrollen syner at involverte elevar blir snakka med ved utarbeiding av aktivitetsplan og undervegs, men i fleire av aktivitetsplanane er det utydeleg i kva grad meningane til elevane er vektlagde. Ingen av sakene i stikkprøvekontrollen hadde tatt i bruk aller siste versjon av mal for aktivitetsplan, og det er difor mogleg at denne sikrar at eleven si røyst kjem betre fram. Revisjonen vil likevel presisere viktigheita av at elevane sin rett til medverknad, og viktigheita av at deira synspunkt blir vektlagde, er tema som jamleg blir tatt opp og drøfta på skulane. Resultata frå spørjeundersøkinga indikerer at det er eit behov for å rette ytterlegare merksemd mot dette temaet, for å sikre at lovkrav blir følgt.

4.7 Oppfølging av saker der ein elev ikkje har det trygt og godt

4.7.1 Datagrunnlag


4.7.1.1 Kjennskap til tilfelle der elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

I spørjeundersøkinga blei alle dei tilsette bedne om å ta stilling til påstandar som omhandlar kjennskap til at elevar blir krenka av anten medelevar eller ein vaksen, og kjennskap til tilfelle som ikkje har blitt tilstrekkeleg følgt opp frå skulen. Resultata går fram av figuren under.

Resultata syner mellom anna at 63 prosent av respondentane anten er *einig* eller *delvis einig* i at dei veit om elevar ved skulen som blir utsett for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering av

andre elevar. Tre av seks rektorar er også *einig* i denne påstanden, og to rektorar er *delvis einig*. Det er til saman 37 prosent som svarar at dei er *delvis ueinig* eller *ueinig* i dette. Det er tilsette som er *einig* i påstanden ved fem av seks skulane, medan dei som er *delvis einig* fordeler seg ved alle dei seks grunnskulane.

Figur 10 Kjennskap til elevar som ikkje har det trygt og godt.



Som figuren over syner er det langt færre, til saman 6 prosent, som er *einig* eller *delvis einig* i at dei veit om elevar som blir krenka av ein eller fleire vaksne som arbeider på skulen. Ein av rektorane er også *einig* i denne påstanden, medan fire rektorar er *ueinig* og ein rektor er *delvis ueinig*. Dei som svarar *einig* på denne påstanden fordeler seg på tre av dei seks grunnskulane, medan dei som svarar *delvis einig* arbeider ved ytterlegare ein skule.

Til påstanden om kjennskap til tilfelle av mobbing eller andre krenkingar som ikkje har blitt følgt tilstrekkeleg opp frå skulen si side, svarar to prosent at dei er *einig*, medan ni prosent er *delvis einig*. Ein av rektorane er også *delvis einig* i denne påstanden, medan fire rektorar er *ueinig* og ein rektor er *delvis ueinig*. Dei som svarar *einig* fordeler seg på to av skulane, medan dei som svarar *delvis einig* arbeider ved ytterlegare to skular.

4.7.1.2 Skriftleg plan

I *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går det fram at dersom skulen sine undersøkingar viser at det har vore brot på eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø, må skulen følgje opp saka slik at eleven sin rett blir oppfylt. Det går fram at skulen skal nemne dei konkrete tiltaka, grunngi kvifor desse tiltaka er valde, få med korleis tiltaka skal følgjast opp og evaluerast og kven som har ansvar for dette, samt informasjon om klageretten på vedtaket.⁴⁸ Skuleeigar har utarbeidd ein felles mal for aktivitetsplan. Denne har blitt revidert fleire gonger etter tilbakemeldingar frå skulane og frå Fylkesmannen etter klagesakene heradet har hatt. Siste versjon er frå april 2019. I malen går det fram kva som er dei fem minstekravane til innhaldet i aktivitetsplanen («kva problem som skal løysast, kva skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg, når tiltaka skal evaluerast»). Malen inneheld fem tabellar: I den første tabellen skal skulen føre inn kva som skal løysast. Den andre tabellen er for

⁴⁸ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.

undersøkingane skulen legg til grunn for tiltaka som blir føreslått i den neste tabellen for tiltak (når dei skal gjennomførast, kven som har ansvar for dei, og kva tid dei skal evaluerast). I den fjerde tabellen skal skulen føre inn dokumentasjon/kronologisk logg på samtalar med elev og foreldre. I den siste tabellen skal skulen oppsummere si vurdering av saka.

Det er ganske stor variasjon på talet aktivitetsplanar mellom skulane for både skuleåret 2017/18 og skuleåret 2018/19, og talet på aktivitetsplanar ser ikkje ut til å henge saman med talet på elevar. Skuleeigar opplyser at dei var klar over at skulane arbeidde litt forskjellig med endringane i opplæringslova etter skulestart 2017, men då dei etterspurde talet på aktivitetsplanar viste det seg å vere ulike tersklar for å opprette aktivitetsplan ved dei ulike skulane. Skuleeigar har erfart at nokre skular utarbeider aktivitetsplan for seint, og leiar for barnehage og skule har mellom anna blitt kontakta direkte av foreldre i saker der det ikkje har blitt utarbeidd aktivitetsplan.

Skuleeigar understrekar at det blir gjort mykje godt arbeid og sett i verk mange gode tiltak på skulane, sjølv om det ikkje alltid er blitt utarbeidd ein aktivitetsplan. Det har dei erfart i saker der det har vore etterlyst aktivitetsplan, og vist seg at skulen har gjort mykje for å betre skulemiljøet, utan at aktivitetsplan er oppretta og utan at tiltaka er dokumenterte. Skuleeigar har oppmoda skulane til å følgje mantraet «aktivitetsplan er svaret». At aktivitetsplanane i større grad må bli tatt i bruk, oppdaterast og evaluerast har vore formidla på rektormøta. Dei ser at det er i ferd med å skje ei kulturendring ved skulane der aktivitetsplan blir utarbeidd på eit tidlegare tidspunkt enn tidlegare. Skuleeigar trur at klagesakene som ha bidrege til dette.

Ein av case-skulane er ein av skulane i heradet som for begge dei siste skuleåra har hatt over 10 aktivitetsplanar. Skuleleiinga opplyser at skulen har låg terskel for å opprette aktivitetsplan. Skulen har aktivitetsplanar som har byrja ved at elev melder ifrå, ved at foreldre melder ifrå, og ved at skulen sine egne undersøkingar viser behov for det. Leiinga opplever at det er vanskeleg å vite når ein kan avslutte ein aktivitetsplan. Kva som er trygt og godt varierer frå barn til barn, og nokon vil kanskje aldri kjenne seg heilt trygge.

Rektorane ved dei andre case-skulane har erfart at lærarane har ulik terskel for å opprette ein aktivitetsplan. Dette har blitt diskutert gjennom året i ulike fellesmøte og på planleggingsdag, og leiinga ynskjer at lærarane skal handtere dette meir likt. Ein rektor trur at det kunne ha vore oppretta fleire aktivitetsplanar på skulen. I nokre tilfelle har rektor erfart at lærarane har gjennomført ulike tiltak utan at det har blitt oppretta aktivitetsplan, men dette blir opplyst å ha betra seg.


Ved ein av case-skulane har rektor vore tydeleg på at det skal vere låg terskel for å utarbeide aktivitetsplan, noko som har medført at ein del lærarar har oppretta aktivitetsplan med det same dei har fått mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, og før dei har undersøkt saka nærare. I samband med førespurnad om aktivitetsplanar til pågåande forvaltningsrevisjon, fann rektor ved denne skulen ut at fem av 11 aktivitetsplanar ikkje inneheldt vidare tiltak etter dei innleiande undersøkingane fordi ein undervegs i undersøkingane finn at det ikkje er behov for aktivitetsplan. Desse undersøkingane hadde lærarane dokumentert i mal for aktivitetsplan. Rektor og avdelingsleiarane har tatt initiativ til ei endring i kommunen sin mal for skriftleg plan for å sikre seg betre oversikt over kva saker som er blitt avslutta på undersøkingsstadiet. Dei har mellom anna lagt til ei framside på aktivitetsplanen som gjer det enklare for leiinga å få oversikt over kva som er gjort i saka.

Stikkprøvekontrollen syner at alle dei seks utvalde sakene inneheld ein skriftleg plan. Kommunen sin felles mal for skriftleg plan er nytta i alle sakene, men ulike versjonar av denne etter kva tidspunkt planen blei utarbeidd på. I stort sett alle dei skriftlege planane går det fram kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. Det er likevel nokre unntak: I ei sak framgår det ikkje når tiltaka skal gjennomførast, men det er satt opp eit evalueringsmøte. I ei anna sak går det ikkje fram når dei planlagde tiltaka skal gjennomførast, og det manglar evalueringsdato for tre av fire tiltak. Også i ei tredje sak manglar det informasjon om tidspunkt for evaluering for nokre få av tiltaka.

I spørjeundersøkinga svarar 93 prosent av rektorane, kontaktlærarane og andre leiarar med undervisning *ja* på spørsmål om skulen har etablert skriftlege rutinar for å sikre at det blir utarbeidd ein skriftleg plan. Like mange svarar *ja* på spørsmål om planen minst inneheld dei fem punkta den skal innehalde jf. opplæringslova. På begge spørsmåla er det fire prosent som svarar *delvis* og tre prosent som svarar *veit*

ikkje. Nærare undersøkingar av svarfordelinga syner at det ikkje er stor variasjon mellom skulane; prosentdelen som svarar ja er over 75 prosent ved alle skulane, medan respondentane som svarar *veit ikkje*, fordeler seg på to av skulane.

Figur 11 Skriftlege rutinar for å sikre at aktivitetsplan blir utarbeidd.



4.7.1.3 Dokumentasjon på at aktivitetsplikta er oppfylt

På heimesida til heradet går det fram at skulen skal lage ein aktivitetsplan over tiltaka som blir sett i verk for å sikre eleven eit trygt og godt skulemiljø att.⁴⁹ Skulane blir råda til å ha eit eige dokument i eleven si elevmappe for dette. Det går vidare frå heimesida, samt eit skriv utarbeidd til skulane i mars 2019 at samtalar, observasjonar og undersøkingar bør bli notert etter dato. I samband med aktivitetsplanen må følgjande liggje føre:

- Dokumentasjon på dei undersøkingane skulen legg til grunn for tiltak i aktivitetsplanen
- Dokumentasjon på korleis eleven har blitt høyrtd/medverka til tiltaka
- Dokumentasjon på korleis skulen har vurdert kva som er til det beste for barnet
- Anna dokumentasjon som er relevant for saka⁵⁰

I malen for aktivitetsplan går det vidare fram at det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast i den enkelte saka: «Det vil til dømes kunne vera forsvarleg med ein kortare og meir skjematisk aktivitetsplan i saker der skulen set inn tiltak tidleg i prosessen og tiltaka er enkle, enn i saker der tiltaka og sakstilhøvet er meir samansett og komplekst.»⁵¹

Skuleeigar opplyser at det varierer korleis skulane dokumenterer arbeidet som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Skuleeigar opplyser at dei har vore tydelege på at skulane må dokumentere i større grad enn før, og utarbeidde eit skriv om dette til skulane

. Til dømes ynskjer skuleeigar at når ei kap. 9 A-sak blir drøfta på teammøte på skulane, burde det skrivast nokre linjer om dette i referatet frå møtet. Ein av rektorane opplever at saker der elevar kjenner seg krenka alltid blir godt drøfta, til dømes i teammøte, men at skulen i større grad kunne dokumentert denne jobben. Andre rektorar, og også lærarar, peikar på at det kan vere ei utfordring å omtale enkeltsaker i slike referat

⁴⁹ Kvam herad. *Retten til eit godt og trygt skulemiljø*. Sist endra: 17.07.2019

⁵⁰ Kvam herad. *Informasjon, rutiner og aktivitetsplikt § 9A; Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø*. 22.03.19

⁵¹ Kvam herad. *Trygt og godt skulemiljø § 9 A i opplæringslova. Aktivitetsplan*. 04.04.2019

med tanke på personvern. Skuleeigar fortel at dette har vore drøfta på rektormøte, og at ein har blitt samde om å bruke initialar i referata. Ved ein av skulane blir det likevel peika på at skulen saknar ein stad der ein kan skrive om konfidensielle saker.

Rutinane kring dokumentasjon blei understreka i eit skriv, *Informasjon, rutiner og aktivitetsplikt § 9A; Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø*, frå leiar barnehage og skule til skulane i mars 2019. Klagesakene til Fylkesmannen hadde synt at det var manglande dokumentasjon på undersøkingane som ligg til grunn for tiltaka i aktivitetsplanane, og manglande dokumentasjon på at elevane sine meiningar er vektlagde. Den nye malen skal leggje til rette for at både undersøkingar og synspunkta til elevane kan dokumenterast betre.

Som nemnt i kap. 4.7.1.2 om skriftleg plan, er det ein del lærarar som har dokumentert undersøkingar dei har gjort ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt i mal for aktivitetsplan. Gjennom undersøkingane har saka løyst seg, og det har ikkje vore behov for ytterlegare tiltak. Den siste utgåva av mal for aktivitetsplan legg opp til at undersøkingane skal dokumenterast i aktivitetsplanen. Skulen som har fått klagesaker til Fylkesmannen, har fått tilbakemelding om at skulen har sett i verk tiltak for tidleg, utan å ha undersøkt saka grundig nok først. Leiinga er langt på veg einig i denne vurderinga, fordi det er lettare å evaluere tiltaket om undersøkinga på førehand har vore grundig og seier noko om kva som er målet med det iverksette tiltaket. Ettersom undersøkingane heng tett saman med dei tiltaka som blir føreslått, synest dei at det er nyttig at undersøkingane av saka blir dokumentert i aktivitetsplanen. Dei erfarer at det i nokre tilfelle ikkje er behov for så mange tiltak utover dei innleiande undersøkingane. Leiinga tenkjer det er godt å ha denne dokumentasjonen om konflikthar kjem tilbake.

Leiinga ved ein av case-skulane synest det er utydeleg kor mykje ein skal dokumentere av det skulen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta kvar dag på hendingar som ikkje nødvendigvis blir ledd i ein aktivitetsplan. Leiinga på skulen opplever at lærarane har blitt betre på å dokumentere hendingar som skjer i det daglege, men det er ikkje utarbeidd noko felles system på skulen for slik dokumentasjon. Dei to andre case-skulane har heller ikkje noko system for dette. Fleire av lærarane fortel at dei skriv ein logg dersom hendingar oppstår i kvardagen. Nokre kontaktlærarar har ei bok for klassen sin. Ved ein av skulane ligg denne på skrivebordet til kontaktlærar slik at også andre tilsette kan notere observasjonar i denne. Leiinga finn det uklart kor skulen skal lagre loggen som blir ført over hendingar som skjer i det daglege, og som ikkje er direkte knytt til ein aktivitetsplan. Fleire av rektorane peikar også på utfordringar knytt til kor ein skal lagre det som blir dokumentert med omsyn til personvern.

Fleire av rektorane trekkjer fram at regelverket er uklart med omsyn til kor mykje det er forventa at skulane skal dokumentere gjennom ein skuledag og kor terskelen går rundt dette. Skulane finn det meir tydeleg kor mykje som skal dokumenterast, og kor denne dokumentasjonen skal lagrast, i saker der det er utarbeidd ein aktivitetsplan. Ein av rektorane peikar på at det ville vore ein fordel om det blei laga felles kommunale retningslinjer for dokumentasjonsplikta. Rektor trur at dei tilsette også er usikre på kor terskelen for dokumentering går. Dette blir stadfesta i intervju med lærarar.

Det blir opplyst at skulane sin praksis knytt til dokumentasjonsplikta til ein viss grad har blitt drøfta i rektormøte. Skuleeigar fortel at det på rektormøta har kome fram at dei tilsette på skulane skulle ønske lovverket la opp til mindre byråkrati, men skuleeigar oppfattar at det i hovudsak handlar om å dokumentere arbeid som er gjort. Eit døme var ein lærar som hadde 72 SMS-ar frå føresette. I ei klagesak vil det vere viktig at dette er dokumentert i elevmappa.

4.7.2 Vurdering

Undersøkinga viser at ein relativt høg prosentdel tilsette (over 60 prosent), som fordeler seg ved alle skulane i kommunen, svarer at dei anten er *einige* eller *delvis einige* i at dei kjenner til tilfelle der elevar blir utsett for krenkingar. Revisjonen vil presisere at prosentdelen lærarar som svarer dette ved den enkelte skule ikkje seier noko om talet elevar som blir utsett for krenkingar ved skulen; det kan vere at alle ved skulen viser til same elev. Likevel stadfestar tilbakemeldinga frå dei tilsette at dette er ei problemstilling som er relevant, og at det er særskild viktig at alle skulane har gode system og rutinar for både å fange opp og følgje opp saker som gjeld det psykososiale skulemiljøet.

Undersøkinga syner at aktivitetsplanane som blei utarbeidd skuleåret 2018/19 nyttar felles mal frå kommunen, og at dei i all hovudsak omtalar dei fem minstekrava til kva ein slik skriftleg plan skal innehalde

ifølgje opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd. Aktivitetsplanane er ulike i utforming, noko som er naturleg all den tid det er svært forskjellige saker med ulik forhistorie og utvikling. Revisjonen vil likevel presisere at det er viktig at *alle* aktivitetsplanar oppfyller minstekrava som går fram av opplæringslova. Som nemnd i kap. 4.6 varierer det også i kva grad det går fram om dei involverte elevane sine meiningar er vektlagde.

Undersøkinga viser vidare at det på skulane er ulike tersklar for å opprette aktivitetsplanar. Det kjem fram at det har vore tilfelle der det ikkje har blitt utarbeidd ein skriftleg plan i samsvar med krav i opplæringslova § 9 A-4 sjette ledd. Revisjonen vil presisere at det alltid skal setjast i verk tiltak – så langt det finst eigna tiltak – og utarbeidast ein skriftleg plan, dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Tiltaka kan i enkelte tilfelle vere enkle og kortvarige, medan det i andre tilfelle er behov for meir omfattande og langvarige tiltak. Det er positivt at skuleeigar har merka seg forskjellane mellom skulane når det gjeld utarbeiding av aktivitetsplanar, og har sett i verk tiltak for å justere praksisen der det er behov for det. Dette er ein viktig del av skuleeigar sitt ansvar i medhald av opplæringslova § 13-10.

Undersøkinga viser også at terskelsen for utarbeiding av aktivitetsplan i nokre tilfelle synast å vere for låg, då undersøkingane har vist at det ikkje har vore behov for tiltak likevel. Dette kan etter revisjonen si vurdering bidra til å gi eit skeivt bilete av kor mange aktivitetsplanar som er oppretta ved dei ulike skulane, og det kan undergrave det å opprette aktivitetsplan som eit verkemiddel når ein elev faktisk ikkje har det trygt og godt. Revisjonen meiner difor det er viktig at skuleeigar, saman med rektorane, går opp grensea for kva tid det er rett å opprette ein aktivitetsplan.

Revisjonen merkar seg også som positivt at det fortløpande blir vurdert behov for endringar i kommunen sin mal for aktivitetsplan, mellom anna basert på erfaringar og innspel frå skulane. Ved å leggje opp til at undersøkingane skal stå i sjølve aktivitetsplanen, legg ein til dømes til rette for at det blir dokumentert korleis skulen har undersøkt saka på forsvarleg vis, og at slik dokumentasjon blir lagra i elevmappa i staden for i loggbøker.

I undersøkinga blir det vist til dels stor usikkerheit når det gjeld både kva som skal dokumenterast og kor det skal dokumenterast. Ulik praksis inneber etter revisjonen si vurdering ein risiko for at det ikkje alltid er mogleg å etterprøve kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Revisjonen meiner det er behov for å tydeleggjere overfor skulane kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast, kven som skal dokumentere, og kor dokumentasjonen skal lagrast. Revisjonen stiller vidare spørsmål ved i kva grad krav til personvern blir tilstrekkeleg ivareteke ved bruk av loggbøker, og vil presisere viktigeita av at kommunen avklarar korleis informasjon som inneheld personopplysningar blir oppbevart.

Revisjonen stiller spørsmål ved at det i heradet sin overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø er vist til at informasjon om klageretten på vedtaket skal gå fram av aktivitetsplanen. Revisjonen vil presisere at ein aktivitetsplan ikkje er eit enkeltvedtak, noko som går tydeleg fram av forarbeida til kapittel 9 A.⁵² Eit sentralt moment i lovendringa i 2017 var nettopp at ein gikk frå vedtaksplikt til aktivitetsplikt, og at retten til å klage på enkeltvedtaket blei erstatta av handhevingsordninga der fylkesmannen kan overprøve saka og fatte vedtak som førsteinstans. Det er etter revisjonen si meining viktig at heradet, i samband med planlagt revisjon av *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*, sikrar at planen ikkje inneheld tekst som kan fremstå som misvisande, og at innhaldet er i samsvar med gjeldande regelverk.

4.8 Rutinar for informasjon om kap. 9 A til elevar og føresette

4.8.1 Datagrunnlag

I *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* går det fram at kontaktlærer ved skulestart har ansvaret for å informere elevar og foreldre om rettane etter kap. 9 A.⁵³ Skuleeigar opplyser at det er vanleg at skulane nyttar foreldremøta om hausten til å informere foreldra om retten til eit trygt og godt skulemiljø. Skuleeigar viser til at det går fram i kvalitetssystemet til skulane, 1310.no, at skulane skal informere om kap. 9 A i foreldremøta. Systemet gir påminningar til rektorane om aktivitetar dei må gjennomføre. Det er også spesifisert i 1310.no at elevane skal få informasjon om rettane sine på elevsamtale og

⁵² Prop. 57 L (2016–2017), kapittel 5.5.7.2


⁵³ Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringslova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

utviklingssamtale. Det blir opplyst at det i desse samtalene blir presisert at alle elevane har rett på eit trygt og godt skulemiljø.

Det går fram av Kvam herad sin *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø* at føresette skal få «informasjon om klageretten på vedtaket.»⁵⁴ Vidare går det fram at skulen, ved ein eventuell klage på aktivitetsplan, vurderer innhaldet i klagen, inviterer føresette til samtale og lagar ein ny aktivitetsplan. Det går også fram her at foreldra kan klage til Fylkesmannen. Informasjon om elevane sine rettar til eit trygt og godt skulemiljø, samt informasjon om høve til å klage saka til Fylkesmannen, er vidare informert om på heimesida til heradet.⁵⁵ Det blir opplyst at alle foreldre mottok eit informasjonsskriv i samband med endringane i opplæringslova der det går fram at foreldre kan melde saka til Fylkesmannen dersom foreldre eller elev meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingane.⁵⁶

I spørjeundersøkinga fekk rektorar, andre leiarar som har undervisning og kontaktlærarar spørsmål om skulen har rutinar for å sikre at elevar og foreldre jamleg blir informerte om retten til eit trygt og godt skulemiljø, dei tilsette si aktivitetsplikt og elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen. Resultata av svara til kontaktlærarar og andre leiarar som har undervisning går fram av figur 12 under, og syner mellom anna at det er ein høgare prosentdel som meiner at det blir gitt informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø (84 prosent), enn dei tilsette si aktivitetsplikt (65 prosent) og høvet til å melde saker til Fylkesmannen (55 prosent). Rektorane svarar *ja* til at skulen deira har alle desse rutineane bortsett frå ein rektor som svarar *delvis* på «...retten til eit trygt og godt skulemiljø», og tre rektorar som svarar *delvis* på «...elevane og foreldra sitt høve til å melde saka til Fylkesmannen.»

Figur 12 Informasjon til elevar og foreldre om rettar etter kap. 9 A.



4.8.2 Vurdering

Undersøkinga viser at heradet har rutinar som etter revisjonen si vurdering legg til rette for at det blir gitt informasjon til elevane og foreldra i samsvar med krav i opplæringslova § 9 A-9 første ledd. Likevel indikerer svar i spørjeundersøkinga at det kanskje ikkje er alle delar av informasjonsplikta som blir like godt ivareteke. Dette gjeld særleg informasjon om høvet til å melde saka til Fylkesmannen. Revisjonen vil difor presisere viktigheita at det blir følgt jamleg opp at praksis er i samsvar med den påminninga som rektorane får gjennom 1310.no.

Revisjonen vil også peike på viktigheita av at informasjon til elevar blir formidla i ein samanheng og på eit vis som legg til rette for at elevane skal kunne drøfte og forstå det som blir formidla. I den samanheng

⁵⁴ Som nemnd i kap. 4.7.2 synast ikkje denne delen av overordna plan å ha blitt oppdatert i samsvar med endringane i opplæringslova.

⁵⁵ Kvam herad. *Retten til eit trygt og godt skulemiljø*. Sist endra: 17.07.2019

⁵⁶ Kvam herad. *Informasjon til foreldre med elevar i grunnskulen i Kvam. Nytt regelverk – nulltoleranse mot mobbing*. Dato: 23.09.2017

synast det føremålstenleg å nytte klassemøta, og revisjonen meiner det er viktig at skulane i samband med evalueringar av skulemiljøarbeidet vurderer om det er etablert tilstrekkeleg gode arenaer for å formidle informasjon til elevane.

Når det gjeld omtalen av vedtak og klagerett i heradet sine rutinar, viser revisjonen til vår vurdering i kap. 4.7.2, der vi presiserer at ein aktivitetsplan ikkje er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og at heradet bør gjennomgå sine rutinar og planar og sikre at desse er i samsvar med gjeldande regelverk.

5. Skuleeigar sitt forsvarlege system

5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad har kommunen som skuleeigar eit forsvarleg system som er eigna til å avdekke praksis ved skulane som er i strid med opplæringslova, og ved behov følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller krava i regelverket?

Under dette:

- I kva grad innhentar og brukar kommunen tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kapittel 9 A?
- I kva grad gjer kommunen ei vurdering av om praksisen til skulane er i samsvar med regelverket, og eventuelt sikrar at det blir satt i gang naudsynte og eigna tiltak for å sikre at praksisen til skulane er i samsvar med regelverket?

5.2 Revisjonskriterium

Ansvaret til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt, går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen (...) har ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane (...).

Under eigenvurderingsverktøyet Reflex på Utdanningsdirektoratet si heimeside, går det fram at «For at et system skal være forsvarlig, må det være egnet til å avdekke forhold som er i strid med opplæringsloven og sikre at det blir satt i gang nødvendige og egnede tiltak for å oppfylle aktivitetsplikten.»⁵⁷

Vidare går det fram av Reflex-verktøyet at skuleeigar må innhente og bruke tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis, vurdere om praksisen er i samsvar med regelverket og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller aktivitetsplikta.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

5.3 Innhenting av informasjon om skulane sin praksis

5.3.1 Datagrunnlag

Skuleeigar opplyser at ein ynskjer å ha ei pro-aktiv rolle med fokus på å førebygge framfor å etterspørje. Praksis blir hovudsakeleg etterspurd i samband med utarbeiding av kvalitetsrapport kvar haust, og stundom i rektormøta. Det er rektormøte ein gong i månaden, og skuleleiarmøte ein til to gongar i halvåret. I skuleleiarmøte er også avdelingsleiarane med. Det blir opplyst at trygt og godt skulemiljø er eit fast tema på rektormøta.

Det har mellom anna vore ein del erfaringsdeling kring kap. 9 A i rektormøta, særleg i samband med klagesaker som har gått til Fylkesmannen. Det blir opplyst at både skuleeigar og rektorane har opplevd det

⁵⁷ Udir. Reflex. *Skoleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (for skoleeier)*. Dato: 19.12.2018.


som nyttig å få innsikt i Fylkesmannen sine tilbakemeldingar i samband med klagesaker. Vidare blir det stadfesta frå dei intervjua rektorane at kap. 9 A har vore tema på mange av rektormøta.

Skuleeigar utarbeider årleg ein kvalitetsrapport om tilstanden på skulane. Det psykososiale skulemiljøet er eit av temaa i denne, og skuleeigar innhentar informasjon frå skulane i samband med utarbeidinga. Mellom anna innhentar skuleeigar resultat frå Elevundersøkinga og tal på aktivitetsplanar. Det blir opplyst at skuleeigar også ved ujamne mellomrom spør rektorane i rektormøte om arbeidet med aktivitetsplanar. Aktivitetsplanane blir ikkje lagra på eit felles område, slik at skuleeigar kan gå inn og sjå innhaldet i desse.

Skulane i Kvam herad nyttar internkontrollsystemet 1310.no. I dette systemet ligg alle gjeremål/oppgåver som rektor og skulesjef ifølge opplæringslova skal utføre i løpet av skuleåret. Oppgåvene er lagt inn i eit årshjul der rektor får påminningar om desse. Til dømes ligg det inne som ei oppgåve at rektorane innan 25. august skal ha gjennomført informasjonsmøte med lærarane. Eit av temaa som skal informerast om i dette møtet er kap. 9 A i opplæringslova. Det blir opplyst at rektorane i etterkant av gjennomført møte, går inn i 1310 og hakar av at oppgåva er utført. Leiar for barnehage og skule kan då sjå at oppgåva er utført. Skuleeigar opplyser at det å opprette SU og SMU også er lagt inn som eit gjeremål i 1310.no. Skuleeigar kan difor følgje med på om skulane har oppretta eit utval, men utover at arbeidet med skulemiljøutvala skal gjerast i tråd med opplæringslova har ikkje skuleeigar lagt føringar for korleis skulane i Kvam skal organisere dette arbeidet.

I spørjeundersøkinga blei rektorane spurde om i kva grad dei meiner skuleeigar innhentar informasjon om korleis skulen følgjer opp aktivitetsplikta og andre sentrale krav i opplæringslova kap. 9 A. Som figuren under syner, svarar to av rektorane *i stor grad*, medan tre rektorar svarar *i nokon grad* og ein rektor *i liten grad*.

Figur 13 Innhenting av informasjon frå skuleeigar.



5.3.2 Vurdering

Det er, etter revisjonen si vurdering, positivt at skuleeigar nyttar 1310.no som internkontrollsystem for skulesektoren. Dette verkar å vere eit system som kan gje god oversikt over skulane sin praksis knytt til mellom anna skulemiljøarbeidet. At systemet fungerer etter føremålet, avhenger likevel av to faktorar – at rektorane brukar systemet aktivt til å registrere det som blir gjort, og at skuleeigar går inn i systemet og kontrollerer dette. At ein av case-skulane ikkje har hatt eit skulemiljøutval skuleåret 2018/19 utan at skuleeigar verkar å ha vore klar over dette, synast etter revisjonen si vurdering å vere teikn på at 1310.no ikkje fungerer optimalt.

Det er viktig at det blir gjennomført jamlege evalueringar av dei tiltak og rutinar som er innført for å ivareta skuleeigar sitt ansvar, slik at ein sikrar at desse er eigna til å fange opp eventuelle manglar ved praksisen

på skulane. Revisjonen vil også presisere at ei avkryssing i 1310 i utgangspunktet berre seier noko om ei oppgåve er utført eller ikkje, men utan at det nødvendigvis går fram i kva grad innhaldet i oppgåveutføringa tilfredsstillir krav i lov og forskrift. Revisjonen meiner difor det er viktig at det blir henta inn utfyllande informasjon ut over dei sjekkpunkta som 1310 gir.

5.4 Kommunen si oppfølging av praksis og regelverk på skulane

5.4.1 Datagrunnlag

Som nemnt i kap. 4.7 såg skuleeigar, ved innhenting av talet på aktivitetsplanar i samband med kvalitetsrapporten, at det var variasjon mellom skulane i korleis dei brukte aktivitetsplanane. Mellom anna kom det fram at nokre skular gjer undersøkingar og set i verk tiltak utan at det blir oppretta ein aktivitetsplan. I tillegg har det kome fram, mellom anna gjennom klagesaker som er gått til Fylkesmannen, at skulane ikkje dokumenterer tilstrekkeleg det som blir gjort for å undersøke saker og for å involvere elevane i utarbeidinga av tiltak.

Basert på det som blei avdekkja gjennom å etterspørje aktivitetsplanar og gjennom klagesakene til Fylkesmannen, har skuleeigar utarbeidd nye malar for aktivitetsplan, samt rutinar knytt til dokumentasjon. Skuleeigar erfarer at dette, i kombinasjon med mantraet "*Aktivitetsplan er svaret*", har ført til at skulane har fått ein meir lik terskel for å opprette aktivitetsplan og at skulane dokumenterer arbeidet sitt betre. Som nemnd i kap. 4.7 rettleiar leiar for skule og barnehage rektorane i konkrete saker som er utfordrande for skulane å handtere på eiga hand. Rektorane opplever skuleeigar sin støttefunksjon i vanskelege kap. 9 A-saker som nyttig.

Det blir opplyst at skuleeigar ikkje har gitt tilbakemelding på skulen sin praksis knytt til oppfølging av aktivitetsplikta. Skuleeigar samlar ikkje systematisk inn informasjon frå skulane i form av til dømes kvalitetsbesøk med sjekklister. Rektor ved ein av case-skulane opplever ikkje at skuleeigar har detaljert oversikt over kva som skjer ute på skulane, og har ikkje fått direkte tilbakemeldingar på arbeidet med psykososialt skulemiljø på skulen.

I spørjeundersøkinga blei rektorane spurde om dei meiner at skuleeigar har etablert eit system for å følgje opp at praksisen på skulen der du er rektor samsvarer med krava i opplæringslova kap. 9 A. Til dette svarar fire av rektorane *ja*, medan to rektorar svarar *delvis*.

5.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at skuleeigar i enkelte tilfelle har sett i verk konkrete tiltak for å bidra til å justere praksisen på skulane. Samtidig går det fram at det er lite systematikk i innhentinga av informasjon frå skuleeigar si side, noko som gjer at vurderingane som skuleeigar gjer av skulane sitt arbeid med oppfølging av aktivitetsplikta etter revisjonen si vurdering står i fare for å vere litt tilfeldig. Revisjonen meiner at ein auka grad av systematikk i eigenkontrollen, under dette til dømes bruk av stikkprøver eller annan gjennomgang av praksisen på alle eller utvalde skular, vil redusere risikoen for mangelfull etterleving av regelverket på skulane. For å sikre at heradet har eit forsvarleg system for å vurdere om krava i lov og forskrift er oppfylte, er det sentralt at skuleeigar både innhentar og nyttar tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis, vurderer om praksisen er i samsvar med regelverket og eventuelt følgjer opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller aktivitetsplikta og andre krav i opplæringslova.

6. Bruk av IKT i grunnskulane

6.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad arbeider skuleeigar og den enkelte skule systematisk for å sikre ein føremålstenleg bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad?

- Har kommunen ein plan/strategi for bruk av digitale verktøy og digitale læremiddel i grunnskulane?^{58 59}
- Har elevane i grunnskulane i Kvam herad tilstrekkeleg tilgang på digitale læremiddel og digitale verktøy?⁶⁰
- Har lærarane tilstrekkeleg digital kompetanse til å ta i bruk tilgjengelege digitale verktøy og læremiddel på føremålstenleg vis, og blir det ev. arbeid systematisk med kompetanseheving på området?
- I kva grad sikrar kommunen at elevane får utvikla digitale ferdigheiter i dei ulike faga?⁶¹

6.2 Revisjonskriterium

Digitale ferdigheiter

NOU 2013:2 *Hindre for digital verdiskaping* omtalar digitale ferdigheiter i skulen. Med Kunnskapsløftet (2006) blei digital kompetanse (seinare omtala som digitale ferdigheiter) definert som ein av fem grunnleggjande ferdigheiter for born og unge. Digitale ferdigheiter er ikkje eit eige skulefag, men ein tverrfagleg kompetanse som skal inngå i alle fag.⁶² I *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021*⁶³ blir det spesifisert at digitale ferdigheiter mellom anna er å kunne bruke digitale verktøy, media og ressursar på ein føremålstenleg og forsvarleg måte for å løyse praktiske oppgåver, innhente og handsame informasjon, skape digitale produkt og kommunisere. Digitale ferdigheiter inneber òg å utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.⁶⁴

Digitale verktøy og digitale læremiddel

Frå *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021*⁶⁵ går det vidare fram at ein skal nytte IKT godt i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa for å auke læringsutbyttet til eleven. Om digitale læremiddel går det fram at desse spenner frå digitale versjonar av dei trykte bøkene, til læremiddel med høg grad av interaktivitet, og til spesialtilpassa digitale læremiddel. Det blir peikar på at digitale læremiddel som simulerer reelle situasjonar i yrkesutøvinga kan bidra til betre læring og gje kjennskap til fleire fag og yrke enn det skulen og læraren har ressursar til.

⁵⁸ Med digitale verktøy meiner vi tekniske gjenstandar som ein bruker i fysisk forstand anten som et hjelpemiddel eller som ei eining som kan samle eller spreie informasjon, som til dømes smart-tavler, berbare PC-ar og nettbrett. Med digitale læremiddel meiner vi læremiddel som er tilgjengeleg digitalt som til dømes Geogebra, Aski Raski, Word Finder, Salaby og Smartøving.

⁵⁹ Ordlyden i problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har tatt bort «ressursar», då dette er dekkja av digitale verktøy og læremiddel.

⁶⁰ Denne problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har lagt til «digitale verktøy» i tillegg til «digitale læremiddel».

⁶¹ Ordlyden i denne problemstillinga er noko endra frå prosjektplanen. Vi har endra frå «digital kompetanse» til «digitale ferdigheiter» i samsvar med ordlyden i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.

⁶² Utdanningsdirektoratet. *Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet*. Sist endra: 09.03.2016

⁶³ Kunnskapsdepartementet. *Framtid, fornyelse og digitalisering- Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringen 2017-2021*. Publisert 25.08.2017.

⁶⁴ Ibid.

⁶⁵ Ibid.

Digitaliseringsstrategien har òg fokus på utstyr. Eit av delmåla er at elevane og tilsette i grunnopplæringa skal ha tilgang til tilstrekkeleg, sikker og formålstenleg infrastruktur, som IKT-utstyr, nettverk og tenester, som støttar opp under deira pedagogiske og administrative behov.

Det blir presisert at det er skuleeigar som har ansvaret for elevane sine digitale læremiddel og digitale utstyr. Skuleeigar har mellom anna ansvaret for at skulane har ein infrastruktur beståande av nettverk, serverar og system av god nok kvalitet og kapasitet slik at det støttar opp under både nasjonale og lokale mål for opplæring, og at personvernet til elevane er sikra. Vidare oppmodar digitaliseringsstrategien om at fellesløyser blir etablert og tatt i bruk slik at kommunar og fylkeskommunar får gevinstar og meir effektiv ressursbruk.

Digital kompetanse

Ifølgje *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021* fører digitaliseringa i samfunnet til auka krav til kompetanse i både kommunane og hjå skuleleiarane. Mellom anna treng dei å planlegge, vurdere og skaffe infrastruktur og utstyr som støttar det pedagogiske arbeidet i skulen. Vidare må både kommunen og skuleleiarane vurdere og prioritere kompetanseheving og leie digitale utviklingsprosessar på skulen.

Ifølgje *NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping* avhenger opplæringa i digitale ferdigheiter av om skulen har kompetente eigarar, leiarar, lærarar eller andre tilsette som er personleg interessert. Det blir peika på at dette illustrerer ei utfordring for arbeid med digital kompetanse i høve til andre ferdigheiter.⁶⁶ Eit av delmåla i *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021* er at «lærere og skoleledere skal ha høy profesjonsfaglig digital kompetanse, og gode muligheter for etter- og videreutdanning om pedagogisk bruk av IKT.» Eit hovudmål i strategien er at kommunen skal prioritere at tilsette i skulane får gjennomført kompetanseheving, slik at IKT kan takast i bruk på ein god måte både i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa. I strategien går det fram at mykje tydar på at nyutdanna lærarar i dag ikkje i tilstrekkeleg grad har fått denne kompetansen gjennom si grunnutdanning og at dei teknologiske endringane gjer at det meir erfarne lærarane òg vil ha nytte av å oppdatere sin kompetanse.

Utdanningsdirektoratet har oppretta et *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse* som skal være et retningsgivande dokument for kva lærarane sin profesjonsfaglige kompetanse inneberer. Rammeverket slår fast at rolla til lærarane er sentral for elevane si utvikling av IKT-kompetanse, og utdypar at læraren bør ha forståing for korleis den digitale utviklinga endrar og utvidar innhaldet i faga, og korleis integreringa av digitale ressursar i læringsprosessane kan bidra til å nå kompetansemål i fag og ivareta dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Det går vidare fram at som ein føresetnad for dette, treng læraren å utvikle eigne grunnleggjande digitale ferdigheiter.⁶⁷

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

6.3 Planar og strategiar for bruk av digitale verktøy og digitale læremiddel⁶⁸

6.3.1 Datagrunnlag

6.3.1.1 Digitaliseringsstrategi og prosjektgruppa «digitalisering skule»

I *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018* går følgjande «lokale mål» knytt til digitalisering fram: ⁶⁹

- Tilstrekkeleg kapasitet på nettverk
- Oppdatert maskinpark
- Nettbrett eller PC til kvar elev frå 1-10. steg i løpet av dei neste fire åra

⁶⁶ Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. *NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping*. Utgreiing frå Digiutvalet. 7. januar 2013.

⁶⁷ Utdanningsdirektortet. *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK)*. Sist endra: 05.02.2018

⁶⁸ Med digitale verktøy meiner vi tekniske gjenstandar som ein bruker i fysisk forstand anten som et hjelpemiddel eller som ei eining som kan samle eller spreie informasjon, som til dømes smart-tavler, berbare PC-ar og nettbrett. Med digitale læremiddel meiner vi læremiddel som er tilgjengeleg digitalt som til dømes Geogebra, Aski Raski, Word Finder, Salaby og Smartøving.

⁶⁹ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

- Digitale tavler i kvart klasserom og grupperom
- System for kompensierende elektroniske hjelpemiddel/programvare
- Ei nettside over all pedagogisk programvare
- Digitale informasjonstavler på alle skulane
- Elevar som opplever digital dugleik, bevisst bruk av informasjon frå internett og kunnskap om bruk av digitale verktøy⁷⁰

Det er utarbeidd ein digitaliseringsstrategi for Kvam herad for perioden 2018 til 2021. Strategien inneheld ikkje spesifikke mål og tiltak for skulesektoren, men er ein overordna plan for alle dei kommunale områda som mellom anna slår fast at «medarbeidarane innanfor alle fagområde må vere førebudd på å løysa oppgåver på nye måtar for å kunne møte innbyggjarane sine krav og forventningar om effektive tenester av høg kvalitet.»⁷¹

I samband med den overordna digitaliseringsstrategien, er det oppretta ei prosjektgruppe med namnet «Digitalisering skule» som hadde oppstart i januar 2019. Frå skulesektoren er både leiar for barnehage og oppvekst og skulefagleg rådgjevar med, i tillegg til oppvekstsjef. Gruppa blir leia av økonomisjef i heradet, og skal utarbeide ein eigen strategi for digitaliseringa i skulen for perioden 2019-2025. Gruppa har jamlege møte; i oppstarten hadde gruppa møte annakvar veke. Revisjonen får opplyst at strategien som «Digitalisering skule» utarbeider, også skal innehalde ein plan for linsensinnkjøp.

Heradet hadde også ein digitaliseringsstrategi for perioden 2014-2018. Denne strategien inneheldt fleire tiltaksplanar, mellom anna ein detaljert tiltaksplan for oppvekstsektoren.⁷² Tiltaksplanen inneheldt 14 tiltak for digitaliseringa av barnehage og grunnskulane i Kvam, samt korleis desse tiltaka skulle finansierast. Nokre av desse tiltaka er mellom anna; «oppgradering av maskinpark for elevar», «oppdatere nettverk til skular utan fiber», «opplæring av tilsette i bruk av Smartboards» og «vurdera programvare for lese- og skrivevanskar».

6.3.1.2 IKT-ansvarlege ved skulane og IKT-gruppa

I intervju med IKT-leiar og IKT-rådgjevar på kommunalt nivå, går det fram at ein i 2002 starta arbeidet med å sentralisere og systematisere arbeidet med IKT på skulane i Kvam herad. Før dette var arbeidet med IKT i skulane fragmentert og skulane styrte i større grad IKT-arbeidet sjølve. Det blir opplyst at ein ønskte meir felles drift og felles løysingar for alle skular for å hindre ulikskapar for elevane på dei ulike skulane i kommunen. Vidare innførte Kvam herad felles administrative løysingar som ITslearning og Feide. Det blei tilsett ein eigen IKT-rådgjevar for skulane i kommunen og ved kvar skule fekk ein av lærarane rolla som IKT-ansvarleg.

Dei IKT-ansvarlege har ikkje avsett ein viss prosentdel av stillinga si til å løyse IKT-relaterte problem. Dei har heller ikkje ei stillingsskilddring. I intervju går det fram at dei IKT-ansvarlege på skulane gjerne skulle hatt tydelegare og meir konkrete retningslinjer på kva som inngår i rolla som IKT-ansvarleg. Dei opplever av og til å vere i tvil om dei skal utføre oppgåver som ligg i utkanten av sitt kompetanseområde og ansvar. IKT-leiar og IKT-rådgjevar opplever at det varierer noko frå skule til skule kva oppgåver dei ulike IKT-ansvarlege utfører.

Sidan 2013 har dei IKT-ansvarlege på skulane i kommunen hatt faste møte – omtala som møte i «IKT-gruppa». Frå kommuneadministrasjonen deltek både IKT-leiar og IKT-rådgjevar, samt leiar for barnehage og skule og rådgjevar skule. Gruppa drøftar kva som er status for IKT på skulane, og det er rom for å ta opp ulike spørsmål som omhandlar bruk av IKT på skulane. IKT-leiar og IKT-rådgjevar opplever at desse møta har betra samarbeidet mellom skulane og IKT-avdelinga og at dei har gitt kommunen betre oversikt over kva IKT-problem skulane treng hjelp til. IKT-leiar og IKT-rådgjevar opplever at møta i IKT-gruppa òg har ført til at ein har kome fram til ei meir felles forståing for kva stillinga som IKT-ansvarleg skal innebere.

⁷⁰ Det går ikkje fram i kva dokument desse måla er nedfelt.

⁷¹ Kvam herad. Digitaliseringsstrategi 2018-2021. Utan dato.

⁷² Kvam herad. Tiltaksplanar pr. oktober 2014 - digitaliseringsstrategi 2014-2018. Utan dato.

6.3.2 Vurdering

Undersøkinga viser at det blir arbeidd systematisk med digitalisering i grunnskulane i Kvam herad. Heradet hatt ein strategi for dette arbeidet, og har frå 2019 sett ned ei prosjektgruppe som skal utarbeide ein ny strategi for digitaliseringa i skulen fram til 2025. Revisjonen vurderer det som positivt at skuleadministrasjonen er godt representert i gruppa som utviklar digitaliseringsstrategien for skulesektoren for 2019-2025. Dette er viktig med tanke på at gjennomføring av strategien mellom anna kan medføre investeringsbehov, og at det er sentralt at kostnadsdrivande tiltak er godt forankra. Etter revisjonen si vurdering er det verdifullt at digitaliseringsstrategien for denne perioden også skal ta for seg lisensinnkjøp og såleis *bruken* av dei digitale verktøya. Etter revisjonen si vurdering bør heradet vurdere om det kan vere føremålstenleg å kople fag og faglærarane meir på spørsmåla om kva læremiddel det er bruk for, då dette i hovudsak er eit spørsmål for dei som har undervisning og ser behova til elevane. Den nye digitaliseringsstrategien bør freiste å byggje bru mellom IKT og dei øvrige faga.

Det er positivt at det over tid har blitt arrangert jamlege møte for dei IKT-ansvarlege på skulane i Kvam, saman med representantar frå kommunenivå, der ein kan drøfte ulike problemstillingar som dukkar opp i drifta av IKT på skulane. Samtidig viser undersøkinga at rolla og oppgåvene til dei IKT-ansvarlege på skulane er utydeleg. Revisjonen registrerer at møta i IKT-gruppa kan ha vore med på å klargjere denne rolla, men meiner basert på det som kjem fram at det er behov for ei ytterlegare presisering av oppgåvene som ligg til rolla.

6.4 Tilgang til digitale læremiddel og verktøy

6.4.1 Datagrunnlag

Det blir opplyst at grunnskulane i Kvam herad har hatt ein utfordrande situasjon med omsyn til digitale verktøy. Frå *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018* går det fram at dei største utfordringane for bruken av IKT i skulen er å oppretthalde oppgradert maskinpark/programvare og stabile driftsløysingar (som tilstrekkeleg trådløst nettverk).⁷³ Vidare går det fram at «Om Kvammaskulen skal driva framtidsretta digitalisering, må maskinparken verta oppgradert både i tal og kvalitet, og kvar elev må få utstyr som nettbrett eller pc, som mellom anna omtala i digitaliseringsstrategi 2018-2021.»⁷⁴ Det går også fram at nivået på satsinga rundt IKT-gruppa ikkje har vore tilstrekkeleg, og at dette arbeidet må forankrast tydelegare i skuleadministrasjon.

Skuleleiinga ved ein av case-skulane oppsummerer at dårleg maskinpark og dårleg tilgang til internett har vore ein brems på bruken av IKT og gjort at IKT lenge blei assosiert med frustrasjon. Det blir opplyst at dette er i endring.

PC-ar og nettbrett

Det blir opplyst at det har vore ein vesentleg auke i innkjøpte digitale verktøy til skulane i Kvam herad dei siste åra, og at alle ungdomskuleelevane per i dag disponerer kvar sin berbare skule-PC. Det blir arbeidd med at også elevane på dei andre klassetrinna skal få kvar sin skule-PC.

Det blir opplyst at 1:1-dekninga for dei eldste elevane har medført auka bruk av IKT for desse elevane. Tidlegare delte fleire ulike brukarar på den same maskina, noko som førte til at pålogginga tok svært lang tid – opp mot ein halvtime, blir det opplyst i intervju og spørjeundersøking. Dette er framleis situasjonen på barnetrinnet. I kvalitetsrapport frå 2018 blir lang påloggingstid peika på som ei stor utfordring då det reduserer motivasjonen hjå både elevar og lærarar, skaper uro i læringsøktene og verkar negativt på heile læringssituasjonen. I intervju med revisjonen blir det stadfesta at påloggingstida har vore frustrerande, og framleis er frustrerande for lærarane på barnetrinne.

Ei anna utfordring har vore at nokre av PC-ane som har vore i bruk på skulane har vore for gamle og difor treige. IKT-leiar og IKT-rådgjevar ynskjer ideelt sett at elevane ikkje skal bruke datamaskiner som er meir enn 4-5 år gamle, sidan det er mykje vedlikehald på gamle maskiner.

⁷³ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

⁷⁴ Ibid.

Smarttavler

Revisjonen får opplyst at Kvam herad har kjøpt inn ActivBoard/smarttavler i fleire omgangar og at tilnærma alle klasserom og grupperom på skulane no har tilgang til desse. Det blir opplyst at nokre av dei eldste smarttavlene allereie har blitt skifta ut for at utstyret på skulane i kommunen skal vere så likt som mogleg. Det blir opplyst at smarttavlene blir brukt i varierende grad. Skuleleiinga ved ein av case-skulane har inntrykk av lærarane prøver å bruke dette utstyret så godt dei kan.

Internettsamband

Det blir opplyst at internettsambandet blei kraftig forbetra på alle skulane i kommunen for om lag to år sidan. IKT-leiar og IKT-rådgjevar anslår at kapasiteten skal vere tilfredstillande; om lag 30 prosent av tilgjengeleg internettlinje er i bruk til dagleg på skulane. Kvam herad har òg sett i gang utskifting av trådløst internett på skulane i kommunen. To av skulane står att, og planen er at desse skal få nytt trådløst nett i løpet av 2020. Dei intervjuja rektorane, lærarane og IKT-ansvarlege uttrykkjer at nettdekninga har blitt merkbar betre dei siste par åra, og at det har medført at ein oftare kan ta i bruk dei digitale verktøya.

Digitale læremiddel


Frå intervju med IKT-avdelinga i kommunen, IKT-ansvarlege og andre lærarar ved skulane, får revisjonen opplyst at alle PC-ane til elevane kjem med ein standard programpakke. Det er også mogleg å installere ytterlegare programvare i tillegg, og skulane har hatt fullmakt til å sjølve kjøpe inn dei digitale læremidla med eigne midlar. Representantane frå IKT-avdelinga opplyser at ein er i gang med eit arbeid for å sentralisere innkjøp av digitale læremiddel, då ein har eit ønske om å få meir oversikt over kva program som finst og spare kostnader. Dei har mellom anna erfart at skular har brukt pengar på ein lisens og angra på det i etterkant. Representantane frå IKT-avdelinga opplever ikkje at det er så stor forskjell på utvalet av digitale læremiddel mellom skulane i dag.

Revisjonen får opplyst frå ein av dei IKT-ansvarlege at nokre av dei digitale læremidla som skulen har kjøpt inn, er knytt til lærebøkene ved skulen. IKT-ansvarleg peikar på at skulane i heradet brukar ulike lærebøker, og at det difor kan vere naudsynt at skulane har høve til å gjere eigne innkjøp av digitale læremiddel.

Det blir opplyst at alle lærarane i kommunen har tilgang til aktuelle læremiddel gjennom Feide, men representantane frå IKT-avdelinga opplever at det varierer i kva grad lærarane set seg inn i kva læremiddel dei har tilgang på. Dei erfarer at informasjonsflyten om digitale læremiddel kunne vore betre; – det er ikkje noko system for informasjonsdeling mellom skulane dersom ein skule har ønske om å kjøpe eit nytt digitalt læremiddel eller har kjøpt dette. I intervjuja på case-skulane går det fram at skulane har ein litt ulik praksis knytt til innkjøp av digitale læremiddel. Ved ein av skulane opplyser skuleleiinga at dei tar det opp med IKT-gruppa dersom det kjem ønske om eit nytt digitalt læremiddel, slik at det kan drøftast der. Ved ein anna skule gjekk ein lærar til rektor med ønske om eit nytt digitalt læremiddel, og fekk dette innvilga. Læraren trur ikkje andre lærarar, korkje på den aktuelle skulen eller elles i kommunen, har fått informasjon om at det er mogleg å få tilgang til dette digitale læremiddelet.


I spørjeundersøkinga blei lærarar og andre leiarar med undervisning bedne om ta stilling til påstandar knytt til elevane sin tilgang på digitale verktøy og skulane sin tilgang på digitale læremiddel. Resultata går fram av figur 14 og syner at om lag 35 prosent er *einig* i både at elevane har tilstrekkeleg tilgang på digitale verktøy og at skulen har tilstrekkeleg tilgang på digitale læremiddel. Vidare er til saman 37 prosent anten *delvis ueinige* eller *ueinige* i at elevane har tilstrekkeleg tilgang på digitale verktøy i undervisninga, medan til saman 20 prosent anten er *delvis ueinig* eller *ueinig* i at skulen har tilstrekkeleg tilgang på digitale læremiddel (sjå vidare svarfordeling i figur 14).

Figur 14 Tilgang på digitale verktøy og læremiddel.



I forlenginga av å ha tilgang til digitale verktøy og læremiddel, fekk dei tilsette spørsmål om dei *nyttar* digitale verktøy og digitale læremiddel i undervisningstimane sine. Resultata går fram av figur 15 under, og syner at det er ein større prosentdel av lærarane som tar i bruk digitale verktøy, enn som tar i bruk digitale læremiddel. Til saman 92 prosent svarar at dei enten *i stor grad* eller *i nokon grad* tar i bruk digitale verktøy i undervisningstimane sine. Sju prosent gjer dette i liten grad. Når det gjeld digitale læremiddel, svarar 69 prosent av dei enten *i stor grad* eller *i nokon grad* tar i bruk digitale verktøy i undervisningstimane sine, medan til saman 31 prosent svarar at dei gjer dette *i liten grad* eller *ikkje i det heile*.

Figur 15 Bruk av digitale verktøy og læremiddel i egne undervisningstimar.



Trass i at fleire, både rektorar, lærarar, skuleadministrasjon og IKT-avdelinga, nemner at situasjonen knytt til digitale verktøy og nettilgang har betre seg, viser svara i spørjeundersøkinga at det er vedvarande utfordringar ved nokre skular. 25 tilsette har lagt att ein utfyllande kommentar knytt til digitale verktøy og læremiddel. Av desse kommenterer om lag halvparten at dei ikkje opplever å ha tilfredsstillande tilgang på digitale verktøy. Det er fleire lærarar som kommenterer at utstyret til skulen er gammalt og utdatert. Det blir peika på at det er vanskeleg å ta i bruk nyttige digitale læremiddel når ein ikkje har tilgang på nettbrett eller berbare PC-ar, eller påloggingstida er veldig lang. Det er også ei handfull lærarar som svarar at dei ikkje har eit godt nok internett til å ta digitale læremiddel i bruk. Om lag like mange omtalar behovet for betre tilgang til digitale læremiddel. Ein respondent trekkjer fram at det er bruk for digitale undervisningsopplegg knytt til smarttavla i klasserommet.

Det er også ein lærar som påpeikar at det er svært tungvint å ta i bruk supportfunksjonen på heradet sine nettsider for å få hjelp til å løyse eit IKT-relatert problem ettersom ein som oftast treng akutt hjelp. IKT-ansvarleg i kommunen erfarer at supportfunksjonen berre delvis blir nytta, og at lærarane – anten sjølve eller via IKT-ansvarlege – tar kontakt via telefon. Det blir også peika på at det er ein del tekniske problem som dei IKT-ansvarlege kan løyse sjølve.

6.4.2 Vurdering

Undersøkinga viser at lærarane i Kvam herad har kvidd seg for å ta i bruk IKT i opplæringa grunna dårleg dekning av digitale verktøy – med lang påloggingstid som konsekvens – og dårleg internettsamband. Ei satsing dei siste åra har ført til at alle elevane på ungdomstrinnet har kvar sin skule-PC og at det er tilgang til smarttavler i dei fleste klasserom og grupperom. I tillegg har internettsambandet blitt mykje betre på dei fleste skulane.

Undersøkinga syner at det framleis er behov for å betre tilgangen til digitale verktøy på dei lågare trinna. Eit av delmåla i digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021 er at elevane og tilsette i grunnopplæringa skal ha tilgang til tilstrekkeleg, sikker og føremålstenleg infrastruktur som IKT-utstyr, nettverk og tenester som støttar opp under deira pedagogiske og administrative behov. Revisjonen registrerer at dette behovet er noko kommunen sjølv om er klar over og arbeider med å dekke.

Vidare viser undersøkinga at det ikkje er oppretta eit system for informasjon om nye eller eksisterande digitale læremiddel i skulane i Kvam, men at det er initiert eit arbeid for å få meir oversikt over kva digitale læremiddel som finst i skulane. Dette er positivt, då det verkar å vere svært personavhengig kva digitale læremiddel lærarane er klar over at dei har tilgjengeleg og kva dei ynskjer å ta i bruk. Det vil seie at det kan vere stor forskjell frå skule til skule, og også frå klasse til klasse ved same skule, om elevane får høve til å tileigne seg kunnskap gjennom digitale læremiddel. Det er etter revisjonen si vurdering viktig at det blir etablert system som gjer det mogleg for den enkelte lærarar å orientere seg blant kva for digitale læremiddel skulen og kommunen har tilgjengeleg for sitt fag. Dette for å sikre at alle elevane i kommunen, så langt det lar seg gjere, får det same tilbodet om digitale læremiddel. Revisjonen meiner også det er sannsynleg at breiare dekning av PC-ar, samt betre nettilgang, gjer at mange lærarar vil finne det meir interessant å undersøkje kva digitale læremiddel som kan supplere undervisninga deira.

Ifølgje digitaliseringsstrategien kan digitale læremiddel som simulerer reelle situasjonar i yrkesutøvinga bidra til betre læring og gje kjennskap til fleire fag og yrke enn det skulen og læraren har ressursar til. Som det går fram av kap. 3.4 viste LP-undersøkinga i 2016 at gutar trivst dårlegare på skulen enn jenter. Skuleeigar har ein hypotese om at dette skuldast at skulen er for teoretisk og lærebok-styrt. Sett i samanheng med denne hypotesen, er det viktig å vere medviten om at det finst digitale læremiddel som kan gjere undervisninga meir praktisk og interaktiv, og såleis meir spennande for dei elevane – både jenter og gutar – som får mindre ut av ei «lærebok-styrt» undervisning. Bruk av digitale læremiddel og digitale verktøy er såleis viktige verkemiddel for å oppfylle lovkrav om at alle elevar har rett på ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader.

6.5 Digital kompetanse blant dei tilsette


6.5.1 Datagrunnlag

I Kvam herad sin digitaliseringsstrategi for 2018-2021 går det fram i ei generell utgreiing om digital kompetanse blant dei tilsette i kommunen at «krava til framtidig kompetanse er utfordrande med tanke på at noverande kompetanse ikkje er høg nok. Medarbeidarar nyttar gjerne fleire programvare i løpet av dagen og har tileigna seg måtar å løysa arbeidsoppgåvene på. Det er likevel delfunksjonar, manglande integrasjonar og arbeidsmåtar som ikkje er optimale, og som kan vera vanskelege å avdekka og utbetra. Intern kursing, kompetansedeling og ekstern kursdeltaking er tiltak for å avdekka og forbetra bruken av eksisterande programvare». Manglande digital kompetanse blant dei tilsette på skulane blir peika på som ei utfordring i *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*, der det går fram at fleire rektorar har informert skuleeigar om at kommunen «framleis har tilsette i skulen som vegrar seg for å bruka ny digitale verkøy». ⁷⁵

Det blir opplyst i intervju at kompetanseheving har vore eit tema i IKT-gruppa. Mellom anna har ein diskutert korleis ein skal legge opp opplæringa i Office365, som ein er i ferd med å implementere på skulane i Kvam.

I spørjeundersøkinga blei dei tilsette på skulane spurde om dei opplever å ha tilstrekkeleg kompetanse til å ta i bruk dei digitale verkøya og læremidla som er tilgjengelege ved skulen. Som figuren under viser svarar 20 prosent *ja* til dette, medan 66 prosent svara *delvis* og 14 prosent svarar *nei*.

Figur 16 Lærarane si oppfatning av eigen digital kompetanse.



Revisjonen får opplyst i intervju med IKT-leiar og IKT-rådgjevar at det har vore tiltak for å auke kompetansen til dei tilsette, som til dømes kurs i bruk av smart-tavler då dei blei installert på alle skulane. Kommunen finansierte kursa med ein ekstern kurshaldar. IKT-leiar og IKT-rådgjevar opplyser vidare at dei med jamne mellomrom har tilbydd kompetanseheving på skulane, men opplever at kvardagen er travel for dei tilsette og at tidsrammene deira ikkje gjev rom for kompetanseheving når det kjem til IKT. Det blir opplyst at Kvam herad har tilsett ein opplæringskoordinator som skal kartlegge behovet for opplæring i heile kommunen og som skal koordinere kursa ein ser behov for. Denne kartlegginga skal resultere i kompetanseheving både på skulane og i resten av kommunen.

Både IKT-ansvarlege og lærarar ved skulane fortel at det i stor grad er opp til kvar enkelt lærar kor mykje ein vil lære seg og kor mykje ein vil ta i bruk både digitale verkøy og digitale læremiddel i undervisninga.


⁷⁵ Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

Dei intervjuja opplever at dette ofte heng saman med interessa for IKT. Det blei òg peikt på at det i dag ikkje eksisterer noko minstekrav for IKT-kompetanse for lærarane i kommunen og lærarane stadfestar at kompetanseheving på bruk av IKT ikkje er noko som blir prioritert i ein travel arbeidskvardag. Fleire peikar på at dei nyutdanna lærarane ofte er meir medvitne om og oppdaterte på kva digitale læremiddel som finst og korleis ein kan ta i bruk digitale verktøy. Dette er òg med på å auke kompetansen totalt fordi fleire av lærarane opplever at dei kan lære av kvarandre.

Revisjonen får opplyst at dei IKT-ansvarlege på nokre av skulane spelar ei viktig rolle i kompetansehevingsarbeidet, fordi lærarar ofte vender seg til IKT-ansvarlege dersom dei ikkje kjenner seg trygg på bruken av eit digitalt læremiddel eller verktøy. I dei tilfella der fleire lærarar har same spørsmål, prøver IKT-ansvarleg å ha noko felles opplæring. Dei IKT-ansvarlege ser likevel eit behov for meir opplæring i dei digitale læremiddel, særleg når det gjeld læremiddel retta mot spesialundervisning.

I spørjeundersøkinga fekk lærarane spørsmål om i kva grad dei opplever at kommunen/skulen har tilstrekkeleg tilbod om kompetanseheving for lærarar innan bruken av digitale verktøy og digitale læremiddel. Som det går fram av figuren under svarar ingen av lærarane *i stor grad*, medan 57 prosent av lærarane at dei opplever dette *i liten grad*. Vidare opplever 35 prosent eit tilstrekkeleg tilbod om kompetanseheving *i nokon grad*, medan 7 prosent svarar *ikkje i det heile*.

Figur 17 Tilbod om kompetanseheving.



Rektorane ved skulane fekk spørsmål om det opplever at dei tilsette ved skulen har tilstrekkeleg kompetanse til å ta i bruk dei digitale verktøya og læremidla som er tilgjengelege ved skulen. Berre fem av rektorane svarar på spørsmålet, og av desse svarar fire *delvis* og ein *nei*.

Om lag 20 respondentar leggjer att ein utfyllande kommentar til IKT-kompetansen ved skulen der dei arbeider, og av desse kommenterer 17 at dei ynskjer seg meir kurs og betre IKT-kompetanse. Ein del kommenterer også at kompetansen innan IKT varierer veldig blant dei tilsette, og nokre skriv at dei saknar ein felles plan for kompetanseheving.

6.5.2 Vurdering

Undersøkinga viser at Kvam herad har identifisert til dels betydelege manglar når det gjeld kompetanse knytt til bruk av digitale læremiddel og digitale verktøy i skulane. Heradet har likevel per i dag ikkje ein heilskapleg plan for opplæring/kompetanseheving når det gjeld bruken av IKT for undervisningspersonell i grunnskulane i kommunen. Både intervju og spørjeundersøkinga som er gjennomført stadfestar at det er

utfordringar knytt til digital kompetanse blant dei tilsette ved skulane. I spørjeundersøkinga svarar 80 prosent anten *nei* eller *delvis* på spørsmålet om dei opplever å ha tilstrekkeleg kompetanse for å bruke dei tilgjengelege digitale verktøya. I tillegg er det ein stor del som meiner at kommunen ikkje har eit tilstrekkeleg tilbod om kompetanseheving.

Eit hovudmål i *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021* er at kommunen skal prioritere at tilsette i skulane får gjennomført kompetanseheving, slik at IKT kan takast i bruk på ein god måte både i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa. Det er etter revisjonen si vurdering positivt at det er retta merksemd mot behovet for kompetanse. For å sikre at naudsynte tiltak blir sett i verk, meiner revisjonen at heradet bør vurdere å utarbeide ein tydeleg plan for korleis ein skal sikre naudsynt kompetanse i tida framover. Sjølv om det å ha IKT-ansvarlege på skulane, som kan bidra med rettleiing og noko opplæring, synast å vere eit viktig tiltak, er ikkje dette tilstrekkeleg. Det er etter revisjonen si vurdering tydeleg at det er behov for å arbeide både målretta og systematisk med kompetanseheving innanfor IKT på skulane i tida framover. Tilstrekkeleg kompetanse er ein føresetnad for å kunne oppfylle målstningar og krav knytt til bruk av digitale læremiddel og verktøy, og for å sikre at elevane får tilstrekkelege digitale dugleikar i samsvar med Læreplanverket.

6.6 Utvikling av elevane sine digitale ferdigheiter

6.6.1 Datagrunnlag

Fleire av skulane i Kvam herad har utvikla eigne IKT-planar som omtalar kva ferdigheiter elevane skal ha på dei ulike trinna. På ein av case-skulane blei det utarbeidd ein eigen IKT-plan i 2015 som omtalar kva IKT-ferdigheiter elevane skal ha på ulike trinn⁷⁶. Revisjonen får opplyst at denne planen ikkje blir brukt av dei tilsette i det daglege arbeidet med planlegging av timane. På ein anna case-skule har ikkje skulen laga ein eigen IKT-plan, men det er formulert målsetningar per trinn for kva elevane skal kunne innan IKT. Til dømes skal elevane på 8. trinn kunne setje opp eit Word-dokument med topp tekst, botntekst, sidetal osv. Desse måla er utarbeidd av dei ulike faglærarane på trinna.

Frå intervju med lærarar og IKT-ansvarlege på skulane går det fram at dei utarbeidd IKT-planane i liten grad har vore i bruk, og i nokre tilfelle heller ikkje er kjende for dei tilsette. Det blir opplyst at skulane, på grunn av treigt nettverk og lang påloggingstid på PC-ane, har teke digitale verktøy mindre bruk enn kva dei elles ville gjort. Difor har heller ikkje IKT-planane vore levande dokument. Ved den eine ungdomsskulen blir det likevel peika på at nokre digitale ferdigheiter, som nettvot og kjeldekritikk, er del av læreplanen i fleire andre fag, og såleis er del av undervisninga.


Det blir også peika på stor variasjon blant lærarane når det gjeld interesse for å ta både digitale verktøy og digitale læremiddel i bruk. Dette blir kommentert både av dei IKT-ansvarlege og av lærarane sjølv. Ved ein av case-skulane har faglærarar på tvers av trinn eigne fagmøte, der dei mellom anna drøftar korleis elevane kan utvikle sine grunnleggjande ferdigheiter, under dette også digitale ferdigheiter, i faget dei underviser i. Til dømes har lærarane i norsk drøfta bruken av det digitale læremiddelet Campus.

Fleire av dei tilsette peikar på at IKT-ferdigheitene til dei eldre elevane stort sett er gode, særleg når det gjeld tekstbehandling. Inntrykket til lærarane revisjonen intervjuar er at ferdigheitene til elevane på 1.-4. trinn er meir varierende. Dette blir sett i samanheng med mindre tilgjengelege digitale verktøy til denne gruppa med elevar.

I spørjeundersøkinga fekk lærarar og andre leiarar med undervisning spørsmål om dei opplever at elevane får utvikla tilstrekkeleg digitale dugleikar i dei faga dei underviser i og i faga på skulen generelt. Som figur 18 viser svarar om lag 60 prosent at dei *delvis* opplever dette i faga dei underviser i og i faga på skulen generelt. 17 prosent opplever at elevane får utvikla tilstrekkeleg digitale ferdigheiter i sine eigne fag, medan 9 prosent opplever at elevane får dette i faga på skulen generelt.

⁷⁶ Skulen slo i denne planen saman 1. og 2. trinn, 3. og 4. trinn osv.

Figur 18 Elevane sine digitale dugleikar.



Også rektorane fekk spørsmål i spørjeundersøkinga om dei opplever at elevane får utvikla tilstrekkelege digitale dugleikar på skulen. Rektorane på fem av skulane svarar *delvis* til dette, medan ein rektor svarar *nei*.

Dei av lærarane, andre leiarar med undervisning og rektorane som svarte *nei* eller *delvis* på spørsmålet om dei opplever at elevane får utvikla tilstrekkeleg digitale dugleikar på skulen, fekk vidare spørsmål om kva som står i vegen for at elevane får utvikla tilstrekkelege digitale dugleikar. Til dette svarar fleirtalet at det skuldast mangel på utstyr, at det er for tidskrevjande og at lærarane har mangelfull kompetanse.

6.6.2 Vurdering

Undersøkinga viser at ingen av dei seks rektorane i kommunen svarar *ja* på spørsmål om elevane får utvikla tilstrekkelege digitale dugleikar på skulen, og over 20 prosent av dei tilsette svarar *nei* på spørsmål om dei opplever at elevane får utvikla tilstrekkelege digitale dugleikar i faga dei underviser i og i faga på skulen generelt. Det er med andre ord eit til dels stort forbedringspotensial når det gjeld arbeidet med digitale ferdigheiter i grunnskulane i Kvam herad.

Undersøkinga viser at nokre skular har utvikla IKT-planar som tar for seg kva digitale ferdigheiter elevar skal ha lært seg per trinn, men at desse planane ikkje har vore i bruk. Det blir vist til fleire årsakar til dette, som i stor grad handlar om for dårleg infrastruktur. Samtidig kjem det fram at utviklinga den seinare tida har vore positiv og at IKT-infrastrukturen på skulane har blitt betre. Revisjonen vil presisere viktigheita av at dette arbeidet held fram, og at det blir gjort grundige analysar både av behov og utfordringar knytt til IKT på skulane, og korleis desse best kan bli møtt.

Det er etter revisjonen si vurdering også viktig at det i samband med det lokale læreplanarbeidet blir lagt vekt på korleis digitale ferdigheiter skal inngå i dei ulike faga, og at det blir tydeleggjort kva krav dette stiller både til verktøy, læremiddel og kompetanse hos lærarane. Når det gjeld sistnemnde, vil revisjonen presisere viktigheita av at det blir arbeid målretta og systematisk med kompetanseheving, jf. kap 6.5. Som *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse* slår fast, er utviklinga av lærarane sine eigne digitale ferdigheiter, ein føresetnad for at elevane skal kunne utvikle digitale ferdigheiter.⁷⁷

⁷⁷ Utdanningsdirektortet. Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK). Sist endra: 05.02.2018

7. Konklusjon og tilrådingar

Undersøkinga viser at Kvam herad har ein *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø*, som blei oppdatert i 2017 for å tilpasse den til nytt kapittel 9 A i opplæringslova. Det er positivt at den overordna planen både skildrar krav i regelverket og stiller krav til arbeidet som skal gjerast på skulane. Det er også utarbeidd felles mal for aktivitetsplan som skulane nyttar, og revisjonen merkar seg at denne har blitt justert og vidareutvikla basert på erfaringar ein har gjort seg. Skuleeigar har også følgd opp at skulane har ulik terskel for utarbeiding av aktivitetsplanar, og har tatt opp med skulane viktigeita av at det blir utarbeidd aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det. Revisjonen meiner det er positivt at heradet nyttar eit kvalitetssystem for skulesektoren der ein del sentrale oppgåver er lagt inn i eit årshjul slik at rektorane får ei påminning og må kvittere ut at oppgåva er utført. Systemet omfattar fleire aktivitetar knytt til arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

Samtidig viser undersøkinga etter revisjonen si vurdering at det er ein del svakheiter i heradet sitt forsvarlege system, ved at skuleeigar si innhenting av informasjon om praksisen på skulane ikkje er tilstrekkeleg systematisk. Dette medfører risiko for at skuleeigar ikkje fangar opp mangelfull etterleving av regelverket på skulane, og dermed heller ikkje set inn tiltak for å sikre at skulane endrar praksisen sin. Undersøkinga viser etter revisjonen si vurdering fleire svakheiter ved praksisen på skulane. Mellom anna har ikkje alle skulane oppdaterte planar for det førebyggjande skulemiljøarbeidet. Sjølv om det er sett i verk ein god del førebyggjande tiltak for å skape eit trygt og godt skulemiljø, viser undersøkinga at det er behov for å ha ytterlegare fokus på å evaluere tiltaka som blir sett i verk, og vurdere behov for andre eller justerte tiltak. Dette gjeld særleg tiltak knytt til digitale krenkingar. Vidare viser undersøkinga at ikkje alle skulane hadde etablert skulemiljøutval skuleåret 2018/19, trass i at dette er eit lovpålagt organ.

Det er etter revisjonen si vurdering heller ikkje gitt tilstrekkeleg tydelege føringar for kva som ligg i dei ulike handlingspliktene som inngår i aktivitetsplikta, og skulane og skuleeigar sikrar dermed ikkje at aktivitetsplikta blir oppfylt. Revisjonen vil mellom anna framheve at det per i dag ikkje føreligg tilstrekkeleg tydelege føringar for korleis dei som arbeider på skulane skal følgje med, korleis skulen sikrar at dei tilsette følgjer ekstra godt med på særleg sårbare elevar, kva elevar dette gjeld, kva som ligg i omgrepet «krenking» eller korleis tilsette skal gripe inn i samband med krenkingar. Etter revisjonen si vurdering er det også ein vesentleg svakheit at den skjerpa aktivitetsplikta i liten grad har blitt drøfta på skulane, og at det blant dei tilsette er mange som ikkje er trygge på korleis dei skal handtere tilfelle der dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev. Dette medfører ein risiko for manglande etterleving av krav i regelverket. Undersøkinga viser også at det ikkje alltid har blitt utarbeidd aktivitetsplanar i samsvar med opplæringslova § 9 A-4, og at sjølv om mange aktivitetsplanar er gode og i samsvar med krav i regelverket, så er det ikkje alle aktivitetsplanar som inneheld informasjon i samsvar med dei lovpålagte minstekrava. Samtidig går det også fram at terskelen for utarbeiding av aktivitetsplan i nokre tilfelle er for høg og i andre tilfelle for låg, og at det difor er behov for å arbeide vidare med å få ein mest mogleg lik praksis på tvers av skulane i heradet.

Når det gjeld IKT i skulane, viser undersøkinga at dette er eit tema det blir arbeidd systematisk med i Kvam herad, mellom anna gjennom ei relativt ny prosjektgruppe som arbeider med digitalisering i skulen. Investeringar som er gjort dei siste åra har medført betydeleg betring både når det gjeld tilgangen på digitale verktøy og internettsambandet til skulane. Likevel gjenstår eit stykke arbeid før alle elevar har tilstrekkeleg tilgang på digitalt verktøy som mogleggjer ein meir aktiv bruk av desse i undervisninga. Undersøkinga viser at det til ein viss grad er personavhengig kva digitale læremiddel som blir tatt i bruk i undervisninga, og at det er relativt mange av dei tilsette som ikkje har tilstrekkeleg kompetanse knytt til IKT. Det er viktig at heradet legg til rette for at lærarane får tilstrekkeleg IKT-kompetanse til å ta i bruk digitale verktøy, samt kunnskap om korleis digitale læremiddel kan styrke undervisninga. Lærarane sine grunnleggjande ferdigheiter innan IKT, er ein føresetnad for at elevane skal kunne utvikle eigne digitale ferdigheiter.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Kvam herad set i verk følgjande tiltak:

1. Sørgjer for at alle skulane har lovpålagt skulemiljøutval og gjennomfører møte i skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.
2. Sørgjer for at det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna bør det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingspliktene.
3. Sørgjer for at det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane i auka grad blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.
4. Sørgjer for at skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfte i personalet kva denne inneber, samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.
5. Tydeleggjer overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det er etterprøvbart i kva grad involverte elevar har blitt høyrd og kva elevane har gitt uttrykk for.
6. Sørgjer for at skulane, gjennom til dømes erfaringsdeling og opplæring, får ein mest mogleg felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.
7. Tydeleggjer korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.
8. Sikrar at sanksjonane som er skildra i ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.
9. Sørgjer for at mangel på digitale verktøy eller treigt internettsamband ikkje er hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.
10. Vurderer å utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.
11. Sikrar at lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.

Vedlegg 1: Høyringsuttale



KVAM HERAD

Deloitte AS
Postb. 6013 Postterminalen
5892 BERGEN

Ikkje offentleg §05

Vår ref.
19/660-6/N-212.0/ASSO

Dykkar ref.

Dato:
06.11.2019

Høyringsuttale frå rådmann - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i skulen 2019

Rådmannen vil starta med å takka for ein oversiktleg og nyttig revisjonsrapport.

Med stort etterslep i skulesektoren over tid, var det krevjande å svara ut revisjonen våren 2019 samstundes med at me gjennomførte tilsetjingsprosessar i barnehage og skule. God dialog og godt samarbeid med Deloitte gjorde likevel at arbeidet med forvaltningsrevisjonen med både dokumentasjon og intervju vart gjennomført innan midten av juni.

Hovudfunn i revisjonsrapporten stemmer overeins med inntrykket til rådmannen, og rådmannen er glad for å sjå at revisjonen si vurdering er at Kvam herad har mykje på plass og at grep me har planlagt å gjennomføra, er viktige steg i riktig retning.

Arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø

Arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø har alltid vore viktig for skulane i Kvam. Tilsette strekkjer seg langt for at alle elevane skal oppleva det trygt og godt på skulen. I Kvam som i resten av landet viser rapporten at det er forskjellar mellom skulane innad i heradet. Det har vore jobba medvite dei siste åra med å sikra likare praksis i Kvammaskulen på mange område. Trygt og godt skulemiljø er eitt av områda. Funna i rapporten viser at me framleis har eit stykke veg å gå før me har fått det systematiske og kontinuerlege arbeidet skikkeleg på plass på alle skulane. Det er behov for fortsetja arbeidet med å skriftleggjera og oppdatera rutinar og planar, og konkretisera mål og tiltak. Rapporten viser at tilsette i skulen er noko usikre på rutinar med å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø. Det aukar risiko for avvik, og i verste fall kan det få uønska konsekvensar for elevane, medarbeidarar og omdømet til skulane. Så lenge internkontrollsystemet ikkje er på plass i tilstrekkeleg grad, kan rådmannen heller ikkje sei med rimeleg tryggleik at alt er ivareteke.

Digital krenking er årleg tema på ungdomsskulane, både med elevar, foreldre og tverrfaglege hjelpetenester, men ikkje sett i system. Årshjulet må innarbeidast, slik at det ikkje er personavhengig.

Når det gjeld skulemynde sine kontrollrutinar, ser rådmannen at me må revurdera omfanget me har lagt opp til. Me har fokus på tillit, haldningsarbeid og meistringsorientering, og vurdert at omfattande kontrollrutinar kan signalisera manglande tillit og oppfatast unødig byråkratisk. Etter gjennomgang av revisjonsrapporten, ser me at me vil leggja inn meir kontroll og oppfølging av skulane for å tilfredsstilla krava til internkontroll. I dag er det i hovudsak ein gong årleg at skuleeigar ber om data frå skulane, og det er i samband med tilstandsrapporten/kvalitetsrapporten om hausten. På tilsvarande måte må skulane nytta meir årlege gjennomgangar på viktige tema, og tilsette må kvittera for at desse er gjennomgått som dokumentasjon, samt sikra at viktig informasjon har nådd ut til alle tilsette på skulen, og laga system for oppfølging dersom dette ikkje skjer. Kommunen har meldt seg inn i det nettbaserte opplæringsystemet KS Læring, som har ei rekkje e-læringsprogram. Dette kan vera eit godt verktøy i arbeidet med å sikra og dokumentera informasjon til tilsette. Kommunen nyttar også Kvalitetssystemet Compilo. Dokumentbiblioteket i Compilo vil vera eit nyttig redskap for å samla og skapa oversikt over rutinar og planar slik at det blir enklare for tilsette å få oversikt.

Bruk av IKT i grunnskulane

Kvam herad har frå 2014 jobba med digitalisering i grunnskulane, men me har eit stykke veg å gå før me er der me ynskjer å vera. Det er mellom anna behov for å konkretisera kva digital kompetanse lærarane må ha, laga ein oversikt over digitale læremiddel som kommunen har tilgjengeleg og vidareføra investeringar i digitale verktøy. Rådmannen ser at det i dag er for mykje opp til kvar enkelt skule og lærar korleis dei brukar digitale læremiddel og kor mykje tid det vert sett av til kompetanseheving innan dette feltet. Rådmannen veit at kommunen har mange engasjerte og kompetente tilsette i eigen organisasjon på området og oppretting av prosjektgruppe som arbeider med digitalisering i skulen er eitt av tiltaka som skal vera med å ta dette arbeidet vidare i organisasjonen.

Kvam herad er med i det regionale digitaliseringssamarbeidet i regi av Bergen kommune, har medlemskap i Digifin. Målet er å få innspel, læra av andre og på sikt auka bruken av innovative og digitale løysingar.

Oppsummert vurderer rådmannen det slik at dei prosessane me har sett i gang, er steg i rett retning. Når me får sett i verk dei tiltaka som me er i gang med, og som revisjonen foreslår, vil me ha eit forsvarleg system for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø. Bruk av IKT i skulane er også på god veg. Rådmannen takkar for konkrete og nyttige innspel frå revisjonen, og vil ta dei med i arbeidet med å heva

omfang og kvalitet på bruk av IKT. Med desse grepa, trur rådmannen at me kan vera rimeleg trygge på at elevane i Kvammaskulen vil få eit forsvarleg, trygt og godt grunnskuletilbod.

Helsing

Astrid-Anett Steine

Oppvekstsjef

Telefon: 56553150

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Innleiing

Kapittel 9 A i opplæringslova omhandlar skulemiljøet til elevane. Kapittelet tar for seg både fysisk og psykososialt skulemiljø. Heile kapittel 9 A var nytt med verknad frå 1. august 2017. Dei fleste krav som var gjeldande før 1. august 2017 blei vidareført, men i ein del tilfelle med noko endra ordlyd og gjennom andre paragrafar enn tidlegare.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø og nulltoleranse mot krenkingar

Av opplæringslova § 9 A-2 går følgjande overordna krav til skulemiljøet fram: «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.»

Av forarbeida til endra kapittel 9 A⁷⁸, går det fram at omgrepet «skulemiljø» omfattar både det fysiske og det psykososiale miljøet. Vidare går følgjande fram av forarbeida:

Å ha et trygt og godt skulemiljø omfatter mer enn frihet fra krenkelser. Elevene har rett til et skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Uttrykket og rettigheten avgrensens dessuten ikke av årsaken til at eleven opplever at skulemiljøet ikke er trygt og godt.

Nulltoleranse mot krenkingar

§ 9 A-3 i opplæringslova omhandlar nulltoleranse mot krenkingar og systematisk arbeid, og følgjande går fram av første ledd:

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskrivet *Skulemiljø Udir-3 2017* som omhandlar betydinga av krav i opplæringslova kapittel 9 A, går det fram at skulane skal ha nulltoleranse også for mindre alvorlege krenkingar enn dei som er spesifikt nemnde i lova.⁷⁹

Av forarbeida går følgjande fram om kva som er å rekne for «krenking»:

Begrepet krenkelser skal tolkes vidt. Begrepet kan omfatte direkte handlinger og verbale uttrykk rettet mot eleven, men også mer indirekte krenkelser som utestenging, isolering og baksnakking. Det er likevel ikke slik at enhver kritisk ytring eller uenighet mellom elevene er ment å omfattes.⁸⁰

Rundskriv Udir-3 2017 presiserer vidare at det er den subjektive oppfatninga til eleven som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.⁸¹

Digital krenking

Forarbeida til kapittel 9 A stadfestar at korleis eleven opplever å ha det medan han eller ho er på skulen, SFO eller leksehjelptilbodet, er avgjerande for vurderinga av om skulemiljøet er trygt og godt.⁸² Vidare blir det framheva at det at årsaka til eleven sin mistrivsel skuldast forhold utanom skuletida, ikkje avgrensar skulen si aktivitetsplikt så lenge eleven si oppleving av skulemiljøet blir negativt påverka av det.

Utdanningsdirektoratet understrekar at skulen har eit ansvar for å forhalde seg til mobbing som skjer på nett og i sosiale media, sjølv om det skjer utanom skuletid, dersom det gjer at eleven ikkje har det bra på skulen. Skulen skal vidare ta tak i digitale krenkingar på same måte som andre mobbesaker, ved å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke saka og setje inn eigna tiltak. Utdanningsdirektoratet tipsar skulane mellom anna om å lære elevane digital dømekraft, og ha oppdaterte planar med etiske spelereglar, nettetsreglar og førebygging mot digital mobbing.⁸³

⁷⁸ Prop. 57 L (2016–2017): Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø).

⁷⁹ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁸⁰ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁸¹ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁸² Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. 17.02.2017.

⁸³ Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Bruk av mobiltelefon

Skuleeigar kan regulere mobilbruken i ordensreglementa sine, og også fastsetje kva tiltak skulen skal kunne bruke mot elevar som bryt reglane. Ifølgje opplæringslova § 9 A-10 tredje ledd kan skulen berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Skulen kan til dømes inndra mobiltelefonen dersom den forstyrar undervisninga, men skulen kan ikkje behalde mobiltelefonen utover skuletida.⁸⁴

Systematisk og kontinuerleg arbeid for å fremje eit godt skulemiljø

Krav til kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje eit godt skulemiljø har blitt vidareført frå tidlegare kapittel 9 A. Følgjande går fram av § 9 A-3 andre ledd:

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

Ansvaret for systematisk og kontinuerleg skulemiljøarbeid er i ny lovtekst eksplisitt lagt til rektor. Av forarbeida til opplæringslova går det fram at det systematiske og kontinuerlege skulemiljøarbeidet er ein del av internkontrollen. Vidare går det fram følgjande:

Ein føresetnad for å lykkast er at skolen sjølv har sett seg konkrete mål ut frå dei generelle krava i lovverket, og at planar og tiltak er tilpassa til dei lokale utfordringane. Ein dynamisk internkontroll føreset dessutan at arbeidet blir løpande vurdert og jamleg revidert. utfordringane. Ein må unngå at internkontroll blir noko statisk, «ein perm i hylla».⁸⁵

Eigenvurderingsverktøyet Reflex er tilgjengeleg via nettsida til Utdanningsdirektoratet. Det kan nyttast av skuleeigarar og skuleleiarar for å vurdere eigen praksis, og ulike spørsmål blir følgt opp av rettleiande tekst som skildrar kva regelverket krev av skuleeigarane og skuleleiarane. Om evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet går det mellom anna fram at informasjon skulen har om korleis arbeidet fungerer, må nyttast til å vurdere i kva grad det førebyggjande arbeidet fremmer eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at det alltid må føreliggje informasjon frå både tilsette, elevar og foreldre.⁸⁶

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som det er obligatorisk for skulane å gjennomføre på 7. og 10. trinn. Det er opp til skulane sjølv om dei vil gjennomføre undersøkinga på fleire trinn.⁸⁷ Gjennomføring av eventuelle andre trivselsundersøkingar er ikkje pålagde frå nasjonalt hald, men mellom anna Læringsmiljøsentret anbefalar å nytte trivselsundersøkingar for å gjere jamlege kartleggingar av læringsmiljø og trivsel, og avdekke mobbing.⁸⁸

Brukarmedverknad og krav til elevdeltaking

I § 9 A-8 i opplæringslova går mellom anna krav til elevdeltaking i skulemiljøarbeidet fram:

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

I eigenvurderingsverktøyet Reflex blir det vist til at rektor må sørgje for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at elevane blir involvert i arbeidet med å planleggje og gjennomføre arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Det går vidare fram at elevane i alle klassene må involverast i større eller mindre grad. Som det går fram over, må informasjon både frå elevar og foreldre vere ein del av informasjonsgrunnlaget ved evaluering av det førebyggjande skulemiljøarbeidet.

Kapittel 11 i opplæringslova omhandlar brukarmedverknad i skulen. Her blir det mellom anna stilt krav om skulemiljøutval ved alle grunnskular (§ 11-1 A), og det blir gitt nærare føringar for samansetninga av utvalet og kva for ein rolle det skal ha. Mellom anna går det fram at skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

⁸⁴ Utdanningsdirektoratet. [Mobilbruk og ordensreglement](#). Tolkningssuttalelse 12.12.2014.

⁸⁵ Ot.prp.nr.72 (2001-2002) [Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa](#). 03.05.2002.

⁸⁶ Utdanningsdirektoratet. Reflex. [Skulemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggjande og informere og involvere elevar og foreldre \(for skoleledelsen\)](#)

⁸⁷ Utdanningsdirektoratet. [Elevundersøkelsen](#). Sist endra: 05.06.2018

⁸⁸ Læringsmiljøsentret. [Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?](#) Publisert 02.06.2017

Vidare går følgjande fram av opplæringslova § 11-1a fjerde ledd:

Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø. Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a

Handtering og oppfølging av konkrete tilfelle der skolemiljøet ikkje er trygt og godt

Opplæringslova § 9 A-4 omhandlar aktivitetsplikta til skulane og til dei som arbeider på skulane. Aktivitetsplikta skal bidra til å sikre at elevane sin rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. oppl. § 9 A-2, blir ivareteke.

Opplæringslova § 9 A-4 første til femte ledd definerer aktivitetsplikta:

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

I Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Skolemiljø Udir-3-2017* blir kvar av handlingspliktene i aktivitetsplikta nærare utdjupa, og det blir presisert at dei tre første pliktene er lagt til *alle som arbeider ved skulen*, medan pliktene til å undersøkje og eventuelt setje inn tiltak kvilar på *skulen*.

Plikta til å følgje med er naudsynt for at alle som jobbar på skulen lettare skal kunne fange opp mistanke om og få kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rundskrivet presiserer at ein slik mistanke utløyser andre delplikter i aktivitetsplikta, til dømes plikta til å undersøke saka og eventuelt setje inn eigne tiltak. Vidare er plikta til å følgje med ein føresetnad for at skulen skal kunne drive systematisk arbeid for å førebyggje og avdekke om elevar har eit trygt og godt skolemiljø.⁸⁹

Plikta til å gripe inn er kjenneteikna av at handlinga skjer med det same og at den rettar seg mot å stoppe ein situasjon som pågår og er forholdsvis akutt. Slike situasjonar vil til dømes vere slåsskampar eller andre fysiske krenkingar, men det kan også innebere å stanse ein utfrysingssituasjon og irettesetje elevar som krenkjer andre verbalt. Plikta til å gripe inn kan i nokre tilfelle innebere bruk av fysisk makt og tvang. Rundskrivet presiserer at skulen ikkje har heimel til bruk av fysisk makt og tvang i opplæringslova. Plikta til å gripe inn kan òg vere avgrensa av straffelova.⁹⁰

Plikta til å varsle går ut på at alle som jobbar på skulen skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigaren. Vidare slår rundskrivet til Utdanningsdirektoratet fast at det er låg terskel for kva som skapar «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Det er ulike måtar ein som jobbar på skulen kan få mistanke om eller kjennskap til korleis elevane opplever skolemiljøet sitt. Rundskrivet nemner observasjon av elevane, tilbakemelding i undersøkingar, beskjed frå foreldre eller medelevar eller aktivitet i sosiale mediar. At ein elev seier ifrå at vedkomande ikkje har det bra på skulen, oppfyller kravet til at den som jobbar på skulen har «kjennskap». Rundskrivet presiserer at ein ikkje kan forvente at eleven skal nytta ordlyden i lova eller omgrepa til vaksne.⁹¹

Plikta til å undersøke blir utløyst av mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. I slike tilfelle skal skulen snarast undersøke saka nærare. Ettersom elevane har rett på eit skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, gjeld skulen si undersøkingsplikt meir enn dei tilfella der ein elev er utsett for mobbing og krenkingar. Plikta til å undersøke er heller ikkje avgrensa av årsaken til

⁸⁹ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 8-9.

⁹⁰ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 9-10.

⁹¹ Utdanningsdirektoratet: *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 11.

at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulen har undersøkingsplikt så lenge skulemiljøet til eleven blir påverka negativt, sjølv i dei tilfella der årsaken til mistriksel er forhold utanom skuletid og utanfor området til skulen.⁹²

Plikta til å setje inn tiltak blir utløyst av at ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, eller når ei undersøking viser dette. Skulen skal i slike tilfelle så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Ifølgje forarbeida skal tiltaksplikta tolkast utvidande. Som ein del av tiltaksplikta skal skulen difor også følgje opp tiltaka sine, evaluere verknadane og eventuelt leggje til eller endre tiltak dersom det er naudsynt. Plikta til å setje inn eigna tiltak gjeld så lenge ein elev ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen.⁹³

Eleven sin rett til å bli høyr

Opplæringslova lovfestar gjennom § 9 A-4 femte ledd eleven sin rett til å bli høyr og eleven sitt beste som grunnleggjande omsyn i alle skulen sine vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikta:

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv er desse rettane også forankra i Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 og 12.⁹⁴

Ifølgje forarbeida til endra kap. 9 A, skal skulen utføre aktivitetane for å oppfylle aktivitetsplikta i samråd med elevane som blir påverka av desse. Skulen skal sørgje for *alle* involverte elevar blir høyr, og forarbeida understrekar at dette omfattar både elevar som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, og andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka. Forarbeida presiserer at ein elev som krenkjer, eller er mistenkt for å krenkje andre elevar, skal ha same rett til å bli høyr i saka som den eleven som kjenner seg krenkt.⁹⁵

Krav til dokumentasjon

I opplæringslova § 9 A-4 sjetten og sjuande ledd går følgjande fram:

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skolen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

Plikta til å setje i verk tiltak og lage ein skriftleg plan (aktivitetsplan) i ei enkeltsak blir utløyst når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, anten gjennom undersøkingar på eige initiativ eller etter at ein elev sjølv seier ifrå.⁹⁶ Det blir presisert i forarbeida til kap. 9 A, at bokstav a) til e) berre er minimumskrav.⁹⁷

Dokumentasjonskrava til skulen er ifølgje Utdanningsdirektoratet sitt rundskriv *Udir-3 2017* todelt; i tilfelle der det må setjast inn tiltak i enkeltsaker skal det utarbeidast ein skriftleg aktivitetsplan. I tillegg er det krav om at skulen må dokumentere meir overordna kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Denne dokumentasjonsplikta rettar seg mot alle delpliktene i aktivitetsplikta, og rettar seg mot det arbeidet skulen faktisk gjer for å oppfylle aktivitetsplikta, og ikkje rutinar eller planar for korleis skulen skal sørgje for eit trygt og godt skulemiljø.

⁹² Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 13.

⁹³ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019. Side 13.

⁹⁴ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁹⁵ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*. Side 29.

⁹⁶ Utdanningsdirektoratet: *Skulemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019.

⁹⁷ Prop. 57 L (2016–2017): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)*.

Skjerpa aktivitetsplikt når ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev

§ 9 A-5 i opplæringslova pålegg tilsette ei skjerpa aktivitetsplikt i tilfelle der ein som arbeider ved skulen krenkjer ein elev:

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skoleeigaren.

Frå forarbeida til endra kap. 9 A går det fram at dei fem delpliktene som gjeld for § 9 A-4, også gjeld for § 9 A-5.

Vidare går det fram at undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks

Informasjonsplikt til elevar og foreldre

Opplæringslova § 9 A-9 omhandlar informasjonsplikt og rett til å uttale seg. Første ledd stiller krav om at skulane skal informere elevar og foreldre om rettane etter kapittel 9 A (første og tredje ledd):

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.

Skuleeigar sitt forsvarlege system

Ansvar til skuleeigar for å følgje opp skulane og sikre at krav i regelverket blir oppfylt, går fram av opplæringslova § 13-10:

Kommunen (...) har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen (...) skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane (...).

Frå eigenvurderingsverktøyet Reflex til Utdanningsdirektoratet, går det fram at «For at et system skal være forsvarlig, må det være egnet til å avdekke forhold som er i strid med opplæringsloven og sikre at det blir satt i gang nødvendige og egnede tiltak for å oppfylle aktivitetsplikten.»⁹⁸

Vidare går det fram av Reflex at skuleeigar må innhente og bruke tilstrekkeleg og oppdatert informasjon om skulane sin praksis, vurdere om praksisen er i samsvar med regelverket og eventuelt følgje opp at skulane endrar praksis slik at dei oppfyller aktivitetsplikta.

Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker

Opplæringslova § 9 A-6 omtalar Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker. Det går mellom anna fram at dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor. Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt, og dersom Fylkesmannen kjem til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta, kan Fylkesmannen gjennom enkeltvedtak vedta kva skulen skal gjere for å sikre eleven sin rett til eit trygt og godt skolemiljø.

Digitale ferdigheiter

NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping omtalar digitale ferdigheiter i skulen. Med Kunnskapsløftet (2006) blei digital kompetanse (seinare omtala som digitale ferdigheiter) definert som ein av fem grunnleggjande ferdigheiter for born og unge. Digitale ferdigheiter er ikkje eit eige skulefag, men ein

⁹⁸ Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skuleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (for skoleeier)*. Dato: 19.12.2018.

tverrfagleg kompetanse som skal inngå i alle fag.⁹⁹ Dei to hovudmåla i *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021*¹⁰⁰ er at:

- Elevane skal ha digitale ferdigheitar som gjer dei i stand til å oppleve livsmeistring og lukkast i vidare utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking.
- IKT skal utnyttast godt i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa for å auke læringsutbyttet til elevane

Vidare blir det spesifisert at digitale ferdigheiter mellom anna er å kunne bruke digitale verktøy, media og ressursar på ein føremålstenleg og forsvarleg måte for å løyse praktiske oppgåver, innhente og handsame informasjon, skape digitale produkt og kommunisere. Digitale ferdigheiter inneber òg å utvikle digital dømmekraft gjennom å tileigne seg kunnskap og gode strategiar for nettbruk.¹⁰¹

Digitale verktøy og digitale læremiddel

Frå *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021*¹⁰² går det vidare fram at ein skal nytte IKT godt i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa for å auke læringsutbyttet til eleven. Om digitale læremiddel går det fram at desse spenner frå digitale versjonar av dei trykte bøkene, til læremiddel med høg grad av interaktivitet, og til spesialtilpassa digitale læremiddel. Det blir peikar på at digitale læremiddel som simulerer reelle situasjonar i yrkesutøvinga kan bidra til betre læring og gje kjennskap til fleire fag og yrke enn det skulen og læraren har ressursar til. Vidare går det fram at der IKT er implementert som ein planlagt og integrert del av læringsmiljøet, kan skulen oppleve betre læringsresultat. For å få til dette må skulen ha klare mål, undervisningsopplegg og tilgang på digitale læremiddel og utstyr.

Digitaliseringsstrategien har òg fokus på utstyr. Eit av delmåla er at elevane og tilsette i grunnopplæringa skal ha tilgang til tilstrekkeleg, sikker og formålstenleg infrastruktur, som IKT-utstyr, nettverk og tenester, som støttar opp under deira pedagogiske og administrative behov.

Det blir presisert at det er skuleeigar som har ansvaret for elevane sine digitale læremiddel og digitale utstyr. Skuleeigar har mellom anna ansvaret for at skulane har ein infrastruktur bestående av nettverk, serverar og system av god nok kvalitet og kapasitet slik at det støttar opp under både nasjonale og lokale mål for opplæring, og at personvernet til elevane er sikra. Vidare oppmodar digitaliseringsstrategien om at fellesløyser blir etablert og tatt i bruk slik at kommunar og fylkeskommunar får gevinstar og meir effektiv ressursbruk.

Digital kompetanse

Ifølgje *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021* fører digitaliseringa i samfunnet til auka krav til kompetanse i både kommunane og hjå skuleleiarane. Mellom anna treng dei å planlegge, vurdere og skaffe infrastruktur og utstyr som støttar det pedagogiske arbeidet i skulen. Vidare må både kommunen og skuleleiarane vurdere og prioritere kompetanseheving og leie digitale utviklingsprosessar på skulen.

Ifølgje *NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping* avhenger opplæringa i digitale ferdigheiter av om skulen har kompetente eigarar, leiarar, lærarar eller andre tilsette som er personleg interessert. Det blir peika på at dette illustrerer ei utfordring for arbeid med digital kompetanse i høve til andre ferdigheiter.¹⁰³ Eit av delmåla i *Digitaliseringsstrategi for grunnopplæring 2017-2021* er at «lærere og skoleledere skal ha høy profesjonsfaglig digital kompetanse, og gode muligheter for etter- og videreutdanning om pedagogisk bruk av IKT.» Eit hovudmål i strategien er at kommunen skal prioritere at tilsette i skulane får gjennomført kompetanseheving, slik at IKT kan takast i bruk på ein god måte både i organiseringa og gjennomføringa av opplæringa. I strategien går det fram at mykje tydar på at nyutdanna lærarar i dag ikkje i tilstrekkeleg grad har fått denne kompetansen gjennom si grunnutdanning og at dei teknologiske endringane gjer at det meir erfarne lærarane òg vil ha nytte av å oppdatere sin kompetanse.

⁹⁹ Utdanningsdirektoratet. *Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet*. Sist endra: 09.03.2016

¹⁰⁰ Kunnskapsdepartementet. *Framtid, fornyelse og digitalisering- Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringen 2017-2021*. Publisert 25.08.2017.

¹⁰¹ Ibid.

¹⁰² Ibid.

¹⁰³ Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. *NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping*. Utgreiing frå Digiutvalet. 7. januar 2013.

Utdanningsdirektoratet har oppretta et *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse* som skal være et retningsgivande dokument for kva lærarane sin profesjonsfaglige kompetanse inneberer. Rammeverket slår fast at rolla til lærarane er sentral for elevane si utvikling av IKT-kompetanse, og utdjupar at læraren bør ha forståing for korleis den digitale utviklinga endrar og utvidar innhaldet i faga, og korleis integreringa av digitale ressursar i læringsprosessane kan bidra til å nå kompetansemål i fag og ivareta dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Det går vidare fram at som ein føresetnad for dette, treng læraren å utvikle eigne grunnleggjande digitale ferdigheiter.¹⁰⁴

¹⁰⁴ Utdanningsdirektortet. *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK)*. Sist endra: 05.02.2018

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Lov og forskrift

Kunnskapsdepartementet. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61* (opplæringslova). Sist endra 1. august 2019.

Forarbeid, rundskriv, rettleiarar mv.

Kunnskapsdepartementet. *Framtid, fornyelse og digitalisering- Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017-2021*. Publisert 25.08.2017.

Kunnskapsdepartementet. Prop. 57 L (2016–2017). Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak): *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*. 17.02.2017.

Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skoleeiers forsvarlige system: Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø (for skoleeier)*.

Utdanningsdirektoratet. Reflex. *Skolemiljø: Skolens plikt til å arbeide forebyggende og informere og involvere elever og foreldre (for skoleledelsen)*.

Utdanningsdirektoratet. *Tilsynsrapport – vedtak. Skolens aktivitetsplikt for å sikre at elevene har et trygt og godt skolemiljø*. Dato: 24.05.2019

Utdanningsdirektoratet. *Skolemiljø UDIR-3-2017*. Sist endra 10.05.2019

Utdanningsdirektoratet. *Rammeverk for lærerens profesjonsfaglige digitale kompetanse (PfdK)*. Sist endra: 05.02.2018

Utdanningsdirektoratet. *Hva skal skolen gjøre med digital mobbing?* Sist endra 27.06.2017.

Utdanningsdirektoratet. *Digitale ferdigheter som grunnleggende ferdighet*. Sist endra: 09.03.2016

Utdanningsdirektoratet. *Mobilbruk og ordensreglement*. Tolkningsuttalelse 12.12.2014.

Utdanningsdirektoratet. *Skolemiljøutvalg. Veileder til medlemmene*. 2014.

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet. *NOU 2013:2 Hindre for digital verdiskaping*. Utgreiing frå Digiutvalet. 7. januar 2013.

Utdannings- og forskingsdepartementet. Ot.prp.nr.72 (2001-2002) *Om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. 03.05.2002.

Dokumentasjon frå Kvam herad

Kvam herad. *Kvalitetsrapport for skulane i Kvam herad 2018*. Sist endra: 09.09.2019

Kvam herad. *Retten til eit godt og trygt skulemiljø*. Sist endra: 17.07.2019

Kvam herad. *Trygt og godt skulemiljø § 9 A i opplæringslova. Aktivitetsplan*. 04.04.2019

Kvam herad. *Digitaliseringsstrategi 2018-2021*. Utan dato.

Kvam herad. *Elevundersøkinga – prosedyre for gjennomføring 2018-2019*.

Kvam herad. *Informasjon til foreldre med elevar i grunnskulen i Kvam. Nytt regelverk – nulltoleranse mot mobbing*. Dato: 23.09.2017

Kvam kommune. *Felles forskrift om trygt og godt skulemiljø for grunnskulen i Kvam herad/Ordenreglement. Revidert felles forskrift frå 03.07.2013 – korrigert både på ordlyd og innhald etter ny §9a august 2017.*

Kvam herad. *Overordna plan for arbeidet med godt skulemiljø. Opplæringssova § 9a. Korrigert etter ny § 9a frå 01.08.17.*

Kvam herad. *Tiltaksplanar pr. oktober 2014 - digitaliseringsstrategi 2014-2018.* Utan dato.

Kvam herad. *Oppfølgings skjema ang. §9a: psykososialt miljø for elevane.* Utan dato.

Andre kjelder

Link til livet: <https://www.linktillivet.no/>

Læringsmiljø og pedagogisk analyse: <https://www.inn.no/prosjektsider/laeringsmiljoe-og-pedagogisk-analyse>

Læringsmiljøseneteret. [Hvordan kan lærere jobbe med å avdekke mobbing?](#) Publisert 02.06.2017.

Læringsmiljøseneteret. [Innblikk – et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing.](#) Publisert 26.10.2010

Psykologisk førstehjelp: https://ungsinn.no/post_tiltak/psykologisk-forstehjelp/

Spekter: <https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer-boker-og-verktoy/spekter-kartleggingsverktoy/>

Trivselsleiarprogrammet: <https://trivselsleder.no/>

Utdanningsdirektoratet. [Elevundersøkelsen.](#) Sist endra: 05.06.2018.

Utdanningsdirektoratet. [Grunnskolen Informasjonssystem \(GSI\).](#)



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.